# 2024

ÅRSMELDING




DET NORSKE TEATRET

03 KUNSTNARLEGE AKTIVITETAR

08 PUBLIKUMSBESØK

12 ORGANISASJON

13 MÅLPOLITISK RÅD

14 VENNER AV DET NORSKE TEATRET

19 PREMIERAR & REPERTOAR

29 ANDRE ARRANGEMENT

32 STYRETS ÅRSMELDING

35 RESULTAT-REKNESKAP

36 BALANSEN

48 KONTANTSTRAUM-OPPSTILLING

49 MELDING FRÅ REVISOR

**Ansvarleg utgjevar** Det Norske Teatret, Kjersti Horn **Ansvarleg redaktør** Irene Halvorsen
**Redaktørar** Ida Michaelsen og Maiken Mathisen **I redaksjonen** Åsne Dahl Torp, Inger Johanne Sæterbakk, Erlend Tårnesvik Dreiås, Thine Sletbakk Bugge, Tine Marie Lund, Trude Norvik Molkom og Rune Hagerup **Framsidefoto** Ole Herman Andersen
**Grafisk formgjeving** Maiken Mathisen **Trykksaka** er prenta hos Konsis og produsert i Noreg.

SVANEMERKET
Trykksak
2041 0379

# Eit viktig signal til Det Norske Teatret og nynorsken

*Djerve satsingar, nyskapingar og risiko er ein sentral del av virket til Det Norske Teatret. Det ligg i kjernen av oppdraget vårt, og det blir vi oppfordra til og målt etter av både styresmaktene, publikum og i det offentlege ordskiftet.*

Store teaterhus skal drive scenekunsten framover, vere dristige, modige, kanskje til og med vågale. Men vi skal også tilby breidde, mangfald og ulike sjangrar, samstundes som vi hegnar om klassikarane våre. Variasjonar skal vere del av kvardagen vår, utan desse stagnerer vi og sakkar akterut.

Også i 2024 har vi satsa på ny norsk dramatikk, internasjonale samtidstekstar, store familieframsyningar og nytolkingar av den klassiske dramatikken. Det Norske Teatret er konsekvent på å vere eit teater som ikkje repeterer seg sjølv, vi skal vere nyskapande. Dette inneber sjølvsagt ein stor risiko når det gjeld inntening, og publikumstilstrøyminga er eit ærleg barometer på når vi lukkast og når vi ikkje treffer like godt i marknaden. I 2024 hadde Det Norske Teatret eit besøk på 171 222, mot 190 242 året før. Nedgangen i publikum skuldast at vi ikkje hadde produksjonar på spelferd, besøket i teaterhuset låg elles på same nivå. Økonomisk er resultatet langt betre, og teateret kan notere eit overskot på heile 11,5 millionar kroner. Dette skuldast i all hovudsak god kostnadskontroll og eit historisk gjennomslag for auke i statstilskotet.

Vi gjekk inn i teateråret med høge ambisjonar om å lukkast på fleire av dei tre botnlinjene som har vore styrande for teateret gjennom viktige periodar. Og for å starte med den første; det har vore mange *kunstnarlege* sigrar i året som har gått. Vi opna Hovudscenen med eit vanvitig tokt. *Moby Dick*, Herman Melvilles klassikar frå 1851, har funne gjenklang i eit moderne publikum. I ei nydramatisering av Johannes Holmen Dahl, som også hadde regi, fekk vi oppleve både vind, vêr, høg sjø og fysisk hardt arbeid på scenen. Ei mektig og visuell slåande framsyning, som fekk god mottaking, men som også tente den store kunstdebatten våren -24 der grensene mellom inspirasjon og plagiat i scenekunsten var tema. Likskapen mellom vår *Moby Dick* og ei drygt ti år gamal oppsetjing ved Thalia Theater i Hamburg var utgangspunktet, ei sak som blei handsama på minneleg vis ved at DNT kjøpte ut rettane til delar av verket.

*Caligula* av Albert Camus var neste framsyning ut på Hovudscenen, med ein rasande opplagt Karl-Vidar Lende i tittelrolla som den galne romerske keisaren. Kritikkane var særs gode, fleire framheva Lendes gnistrande spel, og eit interessert og oppvakt publikum fekk ta del i den stadig meir radikaliserte statsleiarens maktposisjonering med eit ettergjevande statsapparat som ikkje makta å yte meiningsfull motstand. Eit frampeik på kva som var i vente på den politiske verdsarenaen.

*Tett gapet*, kampanjen vi starta i 2023 for å likestille vilkåra for dei to nasjonalteatera i hovudstaden, fekk si avslutning med urpremieren på *Spynorsk. The Musical* i april. Are Kalvø og Ingrid Bjørnovs elleville og kontrafaktiske historieforteljing om Ivar Aasen og gjerninga hans blei på sjølvironisk og fengjande måte kopla med ei framtidsforteljing om Aase Ivarson, ei kvinne som vil vekke folket opp av den komatøse tilstanden dei lever i, sterkt prega av skjermavhengigheit og utan evne til å bli engasjert. Ein komisk og energisk road trip gjennom språkhistoria med Julie Moe Sandø i spissen for eit stort og songsterkt ensemble sjarmerte det publikummet som fann vegen, eit publikum som dessverre var mindre enn vi hadde håpa på. Men som kampanjeavrunding var framsyninga ein innertiar. Mindre enn ein månad seinare fekk Det Norske Teatret besøk av kulturminister Lubna Jaffrey som kom med nyheita om at vi i revidert nasjonalbudsjett fekk ni ferske millionar til styrkinga av det språkpolitiske oppdraget vårt. Eit viktig signal til Det Norske Teatret og nynorsken.

Vi hadde også med oss to viktige framsyningar over i vårens repertoar på Hovudscenen. *Frost* hadde 31 framsyningar igjen på speleplanen og *Heil ved* gjekk for fulle hus gjennom heile 2024.

På Scene 2 starta vi med *Roberto Zucco* i ein versjon av Ivica Buljan, som tidlegare har sett opp *Den siste kongsfesten* og *Bestialitetens historie* her. Nok ein gong fekk publikum ta del i ei upolert, ekspressiv og fartsfylt framsyning med aktive referansar frå tv-seriar, musikk og romanar. Buljans arbeid er fascinerande, underhaldande, på grensa til det fråstøytande, men alltid rått og fengslande. Den neste framsyninga var urpremieren på Gulraiz Sharifs kritikarroste roman *Hør her'a*. Småfrekk, fornøyeleg, sjarmerande og forfriskande var denne skildringa av den norsk-pakistanske familien på Oslo aust. Toril Solvang-Kayiambakis både dramatiserte romanen og hadde regi på stykket som fekk jamt over gode tilbakemeldingar. Så var det duka for ein urpremiere som fekk stor merksemd. Jon Fosses nyskrivne stykke *Einkvan* var det første sceniske verket frå den ferske nobelprisvinnaren i litteratur etter at tildelinga var eit faktum. Kjersti Horn, påtroppande teatersjef, hadde regien og det samla kritikarkorpset tok fyr. « Vakker», «intens», skinnende» - lovorda hagla og publikum følgde etter. *Einkvan* er med stor margin det mest sette Fosse-stykket i teaterets historie.


Preben Hodneland og Vetle Bergan i *Einkvan* av Jon Fosse på Scene 2. Foto: Monica Tormassy



Bustaden til ekteparet Jørgen Tesman og Hedda Gabler var fullt møblert, vatn var lagt inn, berre avløp mangla på Hovudscenen i haust. Foto: Pernille Sandberg.

På Scene 3 opna vi med eit relevant stykke om vald i *Nære relasjonar*, eit stykke skrive av Maria Tryti Vennerød, med Marie Blokhus på regi. Christian Ruud Kallum spelte den mannlege hovudrolla med stor overtyding og til eit lydhøyrt publikum. Så var det klart for *Sportskoret* av Elfriede Jelinek som tar for seg fotballen som fenomen og som brukar han som linse for å sjå nærare på samfunnet vi lever i. Tema som identitet, kapitalisme og fellesskap blir utforska. I Rebekka Nilssons regi fekk denne teksten nytt liv.



Christian Ruud Kallum i den sterke framsyninga *Nære relasjonar* på Scene 3. Foto: Monica Tormassy

Våren blei runda av med siste del av Pentalogien av kunstnarduoen Gokøyr & Martens. *MomA* utgjer fjerde delen av livsfrisen som strekte seg over fem framsyningar. Den til saman ti timar lange Pentalogien har tatt nærare ni år å ferdigstille. *MomA* blei eit verdig punktum for dette arbeidet med å skildre overgangar i livet frå fødsel til død.

På Rommen Scene sette Anna Malzer opp sin eigen tekst *Tatovering*, ei gripande og humoristisk skildring av ei ungdomstid. I tilegg til ulike andre event held teaterklubben REBELL fram med sine aktivitetar i Groruddalen.

Haustsesongen på Hovudscenen blei opna med eit av Ibsens mest kjende stykke. Jae Nyambura var eit godt val til den ettertrakta tittelrolla i *Hedda Gabler* som i Kjersti Horns regi var plassert i eit stort og innbydande hus i to etasjar. Her kom det nygifte paret Tesman heim frå bryllaupsreisa i Kenya og Tanzania. Gjennom den stødige filmregien til Mads Sjøgård Pettersen fekk publikum følgje dramaet som utspelte seg innanfor heimens fire vegger. Handlinga blei projisert på eit enormt lerret på frontveggen av huset. Hedda forlet aldri huset og dramaet fekk si tragiske endelykt i badekaret i andre etasje etter vel tre timar med intens



Verk frå Oslo kommunes kunstsamling var del av scenerommet i *Under open himmel* på Hovudscenen. Foto: Dag Jenssen.

oppbygging. Der latteren sat laust i første del, blei det stadig meir nervepirrande, før uroa greip ordentleg tak i siste akt.

*Snøsøstera* var årets store tittel for familiesegmentet. Framsyninga som hadde hausta glitrande tilbakemeldingar og fekk eit rekordstort publikum til å strøyme til teateret to år tidlegare, var børsta støv av og bretta ut i all si prakt på Hovudscenen. Gina Bernhoft Gørvell i rolla som Hedvig og Vetle Bergan som Julian var igjen ein inntakande og nydeleg duo som på varmt vis gav liv til juleklassikaren frå Maja Lunde og Lisa Aisatos



Gjertrud Jynge og Gina Bernhoft Gørvell i *Jente, 1983* på Scene 2. Foto: Erik Berg

hand. Men dessverre blei ikkje publikumstalet som vi hadde håpa på.

Årets siste framsyning på Hovudscenen var det siste regioppdraget mitt under teatersjefsperioden. *Under open himmel* av den serbisk-amerikanske forfattaren Steve Tesich representerer på mange vis viktige linjer i mi gjerning som teatersjef. Menneskets plass i samfunnet, religiøse funderingar, ulikskap og fellesskap, mangfaldets fortrinn og kjærleiken til kunsten. Lars Ø. Ramberg, som eg tidlegare har samarbeidd med, var henta inn til å skape det særeigne scenerommet. Eit samarbeid med Oslo kommunes kunstsamling blei inngått og måleria på scenen var utlånte derfrå.

På Scene 2 var det duka for ein sterk litterær haust. Vi opna med Linn Ullmanns kritikarroste roman *Jente, 1983* med Gjertrud Jynge i hovudrolla. Luk Perceval som tidlegare har arbeidd med Gjertrud Jynge i *Trilogien* og *Fuglane*, var tilbake i registolen. Saman skapte dei ei reinskoren, intens og vakker framsyning som trekte fulle hus ut året.

Så var det Beate Grimsruds fargerike og sterke roman *Eg føreslår at vi vaknar* som skulle setjast i scene. Charlotte Frogner stod for dramatiseringa saman med Toril Solvang-Kayiambakis og hadde også regien.



Norske folketonar i *Jazz på nynorsk* blei ein publikumsvinnar på Scene 3. Foto: Monica Tormassy

I rolla som den kreftsjuke Vilde Berg møtte vi Heidi Gjermundsen Broch som med både alvor og eit stort overskot teikna eit livaktig, morosamt og sårt portrett av ei kvinne som vil ha mest mogleg ut av livet før det er over. Ei feiring av kjærleiken til livet, som fekk eit begeistra publikum til Scene 2.

På Scene 3 var haustens første premiere eit nybrottsarbeid bygd på den svenske suksessen *Jazz på svenska*. 60 år etter utgjevinga av det legendariske albumet leita regissør Eirik Stubø saman med seks av ensemblets musikalske detektivar fram norske folketonar og sette dei inn i ei ny og improviserande ramme. *Jazz på nynorsk* fekk raskt gjenklang hos meldarkorpset og eit stort publikum, og blei i løpet av haustsesongen flytta opp på Scene 2. Siste framsyning ut på Scene 3 var *Ellen Babić*. På elegant vis kler Marius von Mayenburg den vellykka fasaden av den moderne middelklassen og set lyset på blindsonene dei har for eigne privilegium. Tidlegare har teateret sett opp *Eks*: av same dramatikar til stor begeistring. *Ellen Babić* var ikkje noko unntak. Med presis regi og solid skodespel spegla framsyninga både blindsoner og maktmisbruk.

I adventa markerte vi tiårsjubileet for det populære juleheftet *Juleroser*. Tre søndagar var det førjulsfest på Hovudscenen, der Herborg Kråkevik inviterte til møte med forfattarar og musikararar som har bidrege i heftet.

For å oppsummere: også i 2024 styrte vi etter tre viktige botnlinjer. Den *kunstnarlege* har vore variert; vi har utfordra, begeistra, flytta grenser og levert store sceniske opplevingar. I fjorårets årsmelding konkluderte vi med at det overordna målet for 2024 var å styrke den *økonomiske* botnlinja, etter eit år der vi kanskje hadde hatt det beste gjennomslaget på den *politiske* botnlinja på mange år. På tampen av 2024 kom meldinga frå Kultur- og likestillingsdepartementet om ein permanent auke av ramma for Det Norske Teatret på heile 15 millionar kroner.

Om ikkje heile gapet er tetta mellom dei to nasjonale scenekunstinstitusjonane i hovudstaden, er det i alle fall eit sterkt signal om at prosjektet Det Norske Teatret og kampanjen *Tett gapet* har hatt gjennomslag. Konsistens i bodskapet over tid, høg kvalitet på scenane, og vektlegginga av det språklege mandatet vårt som blei ytterlegare aktualisert gjennom Språklova frå 2021 har nok vore avgjerande for utfallet. Denne auken i tilskotet gir eit betre økonomisk handlingsrom for kommande periode.

Og med det takkar eg for gjevande år som teatersjef på Det Norske Teatret og ønskjer Kjersti Horn alt godt i hennar gjerning. •





**ERIK ULFSBY**
Teatersjef

| OPPSETJING | PREMIERE | FRAMS. | SUM BILL | BILL/FRAMS | KR. BRUTTO |
|---|---|---|---|---|---|
| **HOVUDSCENEN** | | | | | |
| *Snøsøstera* | 22.10.22 | 47 | 18 472 | 393 | 5 731 820 |
| *Frost* | 14.10.23 | 31 | 13 474 | 435 | 5 847 490 |
| *Heil ved* | 12.11.23 | 32 | 12 288 | 384 | 6 275 330 |
| *Moby Dick* | 19.01.24 | 20 | 4 053 | 203 | 1 603 855 |
| *Caligula* | 24.02.24 | 16 | 2 907 | 182 | 863 870 |
| *Spynorsk. The Musical.* | 13.04.24 | 49 | 21 938 | 448 | 11 303 230 |
| *Biten av musikal* | 15.05.24 | 11 | 3 768 | 343 | 823 155 |
| *Hedda Gabler* | 07.09.24 | 21 | 5 793 | 276 | 2 094 625 |
| *Under open himmel* | 16.11.24 | 11 | 1 812 | 165 | 294 890 |
| *Juleroser* | 01.12.24 | 6 | 3 289 | 548 | 1 029 580 |
| Generalprøvar/Prøveframsyningar | | 17 | 6 164 | | 32 400 |
| **SUM HOVUDSCENEN** | | **261** | **93 958** | | **35 900 245** |
| **SCENE 2** | | | | | |
| *Abrahams barn* | 09.09.11 | 7 | 1 235 | 176 | 455 725 |
| *Haugtussa* | 14.11.13 | 5 | 857 | 171 | 223 160 |
| *Tante Ulrikkes vei* | 28.10.19 | 10 | 1 851 | 185 | 500 480 |
| *Sporv og engel* | 24.03.23 | 7 | 1 002 | 143 | 376 205 |
| *Sudden death* | 25.03.23 | 2 | 360 | 180 | 83 185 |
| *Tilgi meg* | 13.10.23 | 17 | 2 483 | 146 | 1 165 120 |
| *Roberto Zucco* | 17.01.24 | 11 | 817 | 74 | 200 775 |
| *Hør her'a!* | 09.02.24 | 22 | 2 420 | 110 | 501 955 |
| *Einkvan* | 25.04.24 | 45 | 7 681 | 171 | 2 824 040 |
| *Jente, 1983* | 06.09.24 | 17 | 2 947 | 173 | 1 006 525 |
| *Eg føreslår at vi vaknar* | 11.10.24 | 19 | 2 120 | 112 | 621 200 |
| *Jazz på nynorsk* | 24.10.24 | 8 | 1 357 | 170 | 383 905 |
| Generalprøvar/prøveframs. | 12 | 1 265 | 1 519 | | 7 200 |
| **SUM SCENE 2** | **182** | **26 649** | | | **8 349 475** |

| OPPSETJING | PREMIERE | FRAMS. | SUM BILL | BILL/FRAMS | KR. BRUTTO |
|---|---|---|---|---|---|
| SCENE 3 | | | | | |
| *Vi betaler ikkje! Vi betaler ikkje!* | 19.10.23 | 10 | 780 | 78 | 129 850 |
| *Hans og Grete* | 16.11.23 | 13 | 1 280 | 98 | 128 715 |
| *Kjellarmennesket* | 23.11.23 | 2 | 138 | 69 | 16 100 |
| *Ifigenia i Aulis* | 01.12.23 | 1 | 45 | 45 | 6 000 |
| *Nære relasjonar* | 17.01.24 | 24 | 1 137 | 47 | 171 790 |
| *Speed-date med Sondheim* | 27.02.24 | 1 | 60 | 60 | 5 900 |
| *Sportskoret* | 14.03.24 | 11 | 400 | 36 | 49 200 |
| *MOMA* | 11.05.24 | 17 | 1 008 | 59 | 191 865 |
| *Prinsessa som ingen kunne målbinde* | 31.8.204 | 4 | 329 | 82 | 45 945 |
| *Jazz på nynorsk* | 24.10.24 | 10 | 867 | 87 | 225 655 |
| *Ellen Babic* | 22.11.24 | 9 | 412 | 46 | 32 885 |
| Generalprøvar/prøveframs. | | **11** | **632** | | **1 600** |
| **SUM SCENE 3** | | **113** | **7 088** | | **1 005 505** |
| DET NORSKE TEATRET I GRORUDDALEN | | | | | |
| *Tante Ulrikkes Vei* | 28.10.19 | 11 | 1 037 | 94 | 275 270 |
| *Er mikrofonen min på?* | 26.10.23 | 1 | 30 | 30 | 1 255 |
| *Tatovering* | 15.02.24 | 13 | 1 403 | 108 | 208 215 |
| *Fredagskveld i Groruddalen* | 12.04.24 | 3 | 346 | 115 | 24 500 |
| Generalprøvar/prøveframs. | | 2 | 171 | | |
| **SUM ROMMEN SCENE** | | **30** | **2 987** | | **509 240** |

| OPPSETJING | FRAMS. | SUM BILL | KR. BRUTTO |
|---|---|---|---|
| DIREKTESTRØYMING | | | |
| *Hedda Gabler* | 1 | 370 | 27 040 |
| **SUM DIREKTESTRØYMING** | **1** | **370** | **27 040** |

| OPPSETJING | FRAMS. | SUM BILL | KR. BRUTTO |
|---|---|---|---|
| BIKUBEN | | | |
| Lunsj & Lyrikk | 41 | 1 693 | |
| **SUM BIKUBEN** | **41** | **1 693** | |
| SÆRLEGE TILTAK FOR BARN OG UNGE | | | |
| Møt Det Norske Teatret (DKS) | 76 | 1 462 | 338 625 |
| Rebell (verkstader) | 32 | 1 120 | |
| Rebell (vising) | 1 | 25 | |
| Den Mangfaldige Scenen (kurs) | | 4 359 | |
| Den Mangfaldige Scenen (framsyningar) | 247 | 12 437 | |
| **SUM SÆRLEGE TILTAK FOR BARN/UNGE** | **385** | **19428** | **338 625** |
| ANDRE ARRANGEMENT | | | |
| Innsikt | 16 | 2 344 | |
| Nøkkelkundar og andre arrangement | 96 | 10 153 | |
| Omvising (for lukka grupper) | 39 | 1 247 | 103 880 |
| Open omvising | 1 | 9 | 1 150 |
| Spesialomvising Frost | 7 | 159 | 20 350 |
| Spesialomvising Snøsøstera | 4 | 47 | 5 200 |
| Festivalpass Heddadagane 2024 | | | |
| Fagprogram Heddadagane 2024 | 22 | 1 140 | |
| **SUM ANDRE ARRANGEMENT** | **185** | **15 099** | **130 580** |
| DET NORSKE TEATRET PÅ SPELFERD | | | |
| *Det e hardt å være b**ch* (Turné) | 8 | 1 348 | |
| *Heil ved* (Børlitunet) | 1 | 950 | |
| *Haugtussa* (Asker museum) | 1 | 100 | |
| *Prinsessa som ingen kunne målbinde* (Melafestivalen) | 2 | 70 | |
| *Græt du?* (Det Vestnorske Teateret) | 1 | 72 | |
| **SUM DET NORSKE TEATRET PÅ SPELFERD** | **13** | **2 540** | |

| OPPSETJING | PREMIERE | FRAMS. | SUM BILL | BILL/FRAMS | KR. BRUTTO |
|---|---|---|---|---|---|
| GJESTESPEL I HUSET | | | | | |
| *Korte år, lange dager* (Spkrbox) | 25.01.24 | 7 | 529 | | 109 790 |
| *Beatur - Master of the universe* (Spkrbox) | 06.03.24 | 4 | 205 | | 35 595 |
| *Ut og stjæle scener* (Det Andre Teatret) | 16.04.24 | 2 | 119 | | 25 425 |
| *En fisk til Luna* (Unge Viken Teater) | 10.06.24 | 2 | 121 | | 3 720 |
| *Natten. Kaos. Stillheten.* (Trøndelag Teater) | 12.06.24 | 1 | 217 | | 52 355 |
| *Buffy by* (Kvääniteatteri) | 13.06.24 | 2 | 203 | | 20 805 |
| *Den finaste fitta i Nordland er mi* (Heidi Ruud Ellingsen) | 05.12.24 | 1 | 86 | | 18 225 |
| *David og Jonatan* (Det Norske Fossekompaniet) | 11.12.24 | 2 | 125 | | 31 605 |
| **SUM GJESTER I HUSET** | | **21** | **1 605** | | **297 520** |

| OPPSETJING | FRAMS. | SUM BILL | KR. BRUTTO |
|---|---|---|---|
| SAMANDRAG | | | |
| Hovudscenen | 261 | 93 958 | 35 900 245 |
| Scene 2 | 182 | 26 649 | 8 349 475 |
| Scene 3 | 113 | 7 088 | 1 005 505 |
| DNT i Groruddalen | 30 | 2 987 | 509 240 |
| Direktestrøyming | 1 | 370 | 27 040 |
| Bikuben | 41 | 1 693 | |
| Tiltak barn og unge | 385 | 19 428 | 338 625 |
| Andre arrangement | 185 | 15 099 | 130 580 |
| Gjestespel i huset | 21 | 1 605 | 297 520 |
| DNT på spelferd | 13 | 2 540 | |
| **SUM TOTALT** | **1 232** | **171 247** | **46 558 230** |




# Avdelingar & fagområde

Teatersjefen er øvste leiar på Det Norske Teatret og leiar den kunstnarlege verksemda direkte. På teatersjefens vegner leiar direktøren administrasjon, kommunikasjon, produksjon og plan, teknikk og eigedomsdrift.

# Målpolitisk råd

I punkt 5 i vedtektene for LL Det Norske Teatret er oppgåvene til Målpolitisk råd formulerte slik: *«Eit målpolitisk råd valt av årsmøtet gjev råd om korleis teatret skal fremja føremålet sitt på beste måte. Rådet kan ta opp spørsmål som gjeld både teatret og målorganisasjonane.»*

Rådet har hatt to møte i 2024, der leiinga ved teateret og var til stades og vitra om den kunstnarlege verksemda og om drifta av teateret. Møta i rådet blir haldne hos Det Norske Teatret, men ettersom fleire av medlemmene bur utanfor Oslo-området, er det lagt opp til at medlemmene kan delta digitalt dersom det høver best for dei.

2024 var det siste året i Erik Ulfsby-æraen ved Det Norske Teatret. I tillegg til å ha leidd teateret framifrå på ein kunstnarleg måte har Ulfsby vore viktig i å halde oppe Det Norske Teatret som Noregs største nynorskinstitusjon – og som ein av dei aller viktigaste. Gjennom 14 år – med ein lang pandemi undervegs – har det i hans tid vorte sett opp bortimot 350 ulike framsyningar, både breitt og smalt, både nyskriven nynorsk dramatikk og kommersielle musikalar, og med ei sjangerbreidd elles. At Noregs viktigaste teater spelar på nynorsk i hovudstaden, er ein manifestasjon av nynorsk som eit språk for heile landet.

Målpolitisk Råd takkar Erik Ulfsby for innsatsen som teatersjef.

På møtet i mars 2024 hadde rådet gleda av ha påtroppande teatersjef Kjersti Horn som gjest. Horn gav mellom anna uttrykk for at ho såg fram til å lære på det språkpolitiske området, at ho har ein ambisjon om å lage kunstnarleg sterkt teater som ikkje er elitistisk, og at ho ønskjer å få minoritetar inn i språkoppdraget.

På møtet i november 2024 var temasaka ei oppsummering av Erik Ulfsbys periode som teatersjef, med særleg vekt på det språkpolitiske. Ulfsby drog i møtet fram to hovudsatsingar: For det første at det for han har vore eit mål å utvide den sirkelen som utgjer «det norske». Det Norske Teatret har gjennom hans tid fått eit mykje meir samansett ensemble, og det har òg vore framsyningar med språk som er tett på urban Oslo-dialekt. For det andre har Det Norske Teatret vorte etablert som «Jon Fosse-teateret», etter at han tidlegare har vorte meir spela på Nationaltheatret og Den Nationale Scene. Det Norske Teatret kan vere stolt av at det vart gjennomført tre internasjonale Fossefestivalar før Jon Fosse mottok Nobelprisen i 2023.

Målpolitisk råd gleder seg over at teateret i revidert nasjonalbudsjett i 2024 har fått 15 millionar kroner ekstra i varige årlege midlar. Dette viser at det har vore vellukka å arbeide målretta politisk for å få auka tilskotet frå staten.

Målpolitisk råd ser fram til samarbeidet med den nye teatersjefen Kjersti Horn, i 2025 og dei komande åra. Vi ønskjer henne lukke til med det viktige arbeidet!

I tillegg til dei valde rådsmedlemmene har teatersjef Erik Ulfsby og språkkonsulent Inger Johanne Sæterbakk møtt på begge møta. Dåverande direktør Hans Antonsen møtte på møtet i mars, og den nye direktøren, Irene Halvorsen, møtte på møtet i november.

**Samansetjinga av rådet etter årsmøtet i april 2024:**
Medlemmer: Kjetil Aasen, Sverre Tusvik, Mette Vårdal, Marie Nicolaisen, Astrid Marie Grov

Varamedlemmer: Marit Aakre Tennø, Anne Straume, Håkon Ambrosius Remøy, Maria E. Austbø, Gudrun Kløve Juuhl

Rådet konstituerer seg sjølv og valde Kjetil Aasen til leiar for perioden.

# Venner av Det Norske Teatret

Aktiviteten i Vennelaget har vore stor også i 2024. Samarbeidet med teateret er svært godt og styret set pris på velviljen både frå leiinga og andre tilsette ved teateret. Vi kjenner at arbeidet vårt blir verdsett, noko som skapar entusiasme hjå styret og hjå medlemmene i laget.

Pr. 31. desember 2024 hadde Vennelaget 363 medlemmar. Dette er litt fleire enn året før. Styret meiner ein auke i medlemstalet er mogeleg og vil prioritere arbeidet med dette framover.

**Vennelagsturar og arrangement**

**4.- 5. mai:** Gøteborg Stadsteater, Gøteborgs kunstmuseum og historisk vandring med kulturelle innslag i byen.

**30. august–1. september**: Diktardagar i Lom

**7. desember**: Julevandring i Gamle Oslo

**Medlemskveldar**

**23. januar, Hovudscenen** *Moby Dick* av Herman Melville.

**27. februar, Hovudscenen:** *Caligula* av Albert Camus.

**24. april, Hovudscenen:** *Spynorsk. The Musical.* av Are Kalvø og Ingrid Bjørnov.

**8. mai, Scene 2:** *Einkvan* av Jon Fosse.

**19.september, Hovudscenen:** *Hedda Gabler* av Henrik Ibsen.

**3.oktober, Scene 2:** *Jente, 1983* av Linn Ullmann.

**21. november, Hovudscenen:** *Under open himmel* av Steve Tesich.

I tillegg blei det for første gong arrangert Lunjs&Lyrikk med Vennelaget, i samarbeid med teateret. «Premieren» var 21. november med Sivleprogrammet *At livet det er no det likaste, lell*. Ein forteljarkonsert med Vigdis Jordal, Berit Bagøien Moe og Jon Sverre Ruder. Dette er noko Vennelaget kjem til å halde fram med.

**Arbeidet i styret**

Det blei halde 10 styremøte i 2024. Møta er no flytta til ettermiddagen sidan fleire av dei nye styremedlemmene er i fast arbeid. For fyrste gong blei ein skodespelar ved teateret i fjor valt inn som varamedlem i styret. Dette har vi utelukkande positive røynsler med. Dei tre varamedlemmene deltek på alle styremøta og har oppgåver på same måten som dei faste medlemmene.

Vennelaget har fått ny logo og vi har trykt eit bokmerke med informasjon om laget. Medlemsbreva er også ei viktig informasjonskjelde. I 2024 blei det sendt ut sju slike brev.

Vi er aktive på Facebook med 2600 følgjarar. Dette er ein viktig kanal for medlemsverving.

Styret har også arbeidd med eit digitalt arkiv for Vennelaget.

**Årsmøtet**

Møtet blei halde 22. april i Bikuben. Teatersjef Erik Ulfsby, ønskte vennelags-medlemmene velkomne og takka laget for innsatsen for teateret. Han orienterte om den økonomiske stoda, som han sa var utfordrande. Ulfsby la vekt på at det hadde vore eit godt kunstnarleg år, og han delte planar for resten av 2024. Leiar i styret for teateret, Hilde Barstad helsa også årsmøtet. Ho la mellom anna vekt på Vennelaget sitt engasjementet i samband med kampanjen Tett gapet.

**Vennelagsprisen 2024**

I 2024 gjekk prisen til skodespelar Ina Svenningdal. I valet av prisvinnar, la styret mellom anna vekt på Inas breidde, engasjement og lojalitet overfor teateret. Prisen er på 30 000 kr og blir gjeven til ein fast tilsett ved Det Norske Teatret og som har gjort ein viktig innsats for teateret i seinare tid.

**Styret i Vennelaget etter årsmøtet 22. april 2024**

**Leiar:** Astrid Versto
**Nestleiar:** Jon Låte
**Styremedlemer:** Arnhild Skre, Line Omland Eilevstønn, Arne Gloppen
**Varamedlemer:** Ingrid Marie Amundsen, Ragnhild Hovengen, Hilde Olausson

## Styret

**Hilde Barstad,** styreleiar
**Steinulf Tungesvik,** nestleiar

Varamedlem
1) **Eli Ulvestad**
2) **Elise Takle**

*Valde etter tilråding frå staten*
**Magni Hjertenes Flyum**
**Loveleen Rihel Brenna**
**Martin Alexander Korsheim Eia-Revheim**

Vara
1) **Ivar Hogne Areklett Moe**

*Valde av dei fast tilsette på teateret*
**Geir Kvarme**, kunstnarleg representant
**Åshild Mjelde Nordås**, teknisk og administrativ representant

Vara for Geir Kvarme
1) **Heidi Gjermundsen Broch**
2) **Paul Ottar Haga**
3) **Anders Hasmo**

Vara for Åshild Mjelde Nordås
1) **Siren Høyland**
2) **Inger Johanne Sæterbakk**
3) **Elisabeth Hermansen**

**Styret har halde åtte møte i 2024.**

## Valnemnd

**Synnøve Marie Sætre (leiar)**
**Vidar Lund**
**Edmund Austigard**

## Leiargruppa

**Erik Ulfsby,** teatersjef
**Irene Halvorsen,** direktør
**Lisbeth Aasland,** driftssjef
**Belinda Braza,** kunstnarleg leiar for Det Norske Teatret i Groruddalen (permisjon)
**Thine Sletbakk Bugge,** kommunikasjons- og marknadssjef
**Petter Fosse,** konstituert teknisk sjef
**Espen Gravklev,** produksjons- og plansjef
**Rune Hagerup,** økonomisjef
**Tine Marie Lund,** sjefprodusent
**Ingrid Weme Nilsen,** sjefdramaturg

## Tillitsvalde

**Creo:** Ståle Sletner, Emilia Wist, Gry Espenes

**Fagforbundet Teater og Scene:** Åshild Mjelde Nordås (hovud-tillitsvald), Mats Ivar Takle (nestleiar)

**Norsk Tjenestemannslag:** Erlend Tårnesvik Dreiås, Julie Salomonsen

**STAFO/fagsjefar:** Tonje Lie

**Norsk Skuespillerforbund:** Ina Svenningdal, Julie Moe Sandø

## Arbeidsmiljøutvalet

**Siri Hundvin**, snikkar og hovudverneombod
**Eirik Ingebricson**, sceneavdelinga
**Johanne Kalhovd**, planavdelinga
**Jon Bleiklie Devik**, skodespelar
**Irene Halvorsen**, direktør
**Lisbeth Aasland**, driftssjef og HMT-ansvarleg
**Petter Fosse**, teknisk kontor
**Torill Ringstad**, personalrådgjevar

*HMT-ansvarleg:*
**Lisbeth Aasland** driftssjef
**Oslo Akutten**

## Verneombod

**Siri Hundvin**, hovudverneombod
**Eirik Ingebrictson** Hovedscenen, rekvisitten og Rommen scene
**Børge Løkke Knudsen** Scene 2, Scene 3, lysavdelinga og lydavdelinga
**Jon Bleiklie Devik** kunstnarleg/musikkavd)
**Trude Norvik Molkom** inspisient, produksjonsmedarbeidarar, administrasjon, frontpersonale (vertar og billettluka/resepsjon), kommunikasjonsavdelinga, teknisk kontor, produsentavdeliga og planavdelinga.
**Mathavaroppan Rasagopal** reinhald/vedlikehald/lager/kantine

## Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2024 var på **3,8 %** (5 % i 2023). Det er registrert ein arbeidsrelatert skade som førte til sjukemelding i 2024.

## Tilsette

I 2024 blei det utført **201** årsverk ved teateret. Teateret hadde ved utgangen av året **239** fast tilsette og åremålstilsette. Av desse var **117** menn og **122** kvinner. Av stillingane var **42** deltidsstillingar.

## Verv

**Erik Ulfsby** er styremedlem i NTO (Norsk teater- og orkesterforening) og Winje Agency
**Irene Halvorsen** er styremedlem i Word Editors Forum og Norsk redaktørforening, mentor i Mentorprogrammet til Mediebedriftene
**Inger Johanne Sæterbakk** sit i Rådet for Nynorsk Kultursentrum
**Ingrid Weme Nilsen** er vara i Rådet for Nynorsk Kultursentrum
**Siri Løkholm Ramberg** sit i juryen for Nynorsk litteraturpris
**Anders Hasmo** er leiar av styringsgruppa for DUS (Den Unge Scenen)
**Marianne Krogh** er i styringsgruppa for DUS (Den Unge Scenen)
**Tine Marie Lund** er i styringsgruppa for ACuTe










Bilde frå *Caligula* på Hovudscenen.

# Slik jobbar Det Norske Teatret for eit miljøvennleg og berekraftig teater

DNT arbeider systematisk med berekraft og har med 2024 gjennomført det andre heile året som sertifisert Miljøfyrtårn. Omfattande kartlegging og utarbeiding av rutinar i samband med sertifiseringa i 2022 har gitt eit godt grunnlag for sterkare innsats. I 2024 har DNT investert i energistyringssystem som frå 2025 vil gi oss betre styring og kontroll på energibruken. I 2023 gjekk DNT over frå å nytte fleire til å nytte berre ein leverandør for avfallshandtering. Overgangen har gitt ei meir systematisk fraksjonsdeling og i 2024 ser vi at mengda restavfall er betydeleg redusert. Gjennom den europeiske teater-organisasjonen ETC har Det Norske Teatret sidan 2023 vore eit av ni europeiske teater som testar ut berekraftsrettleiinga Theatre Green Book. I 2024 blei framsyninga *Einkvan* DNT sin fyste pilotproduksjon etter TGB-modellen. I samband med pilotproduksjonen hadde DNT ein to dagars arbeidsverkstad med grunnleggjarane av TGB. DNT har jobba systematisk med HMT og har i 2024 inngått ny avtale med godkjend bedriftshelseteneste.

**God helse og livskvalitet**
Det Norske Teatret skal vere ein trygg og sunn arbeidsplass der dei tilsette opplever meining og meistring. Det Norske Teatret skal gi publikum meiningsfulle opplevingar, spegle kvardagen til folk og styrke kjensla av fellesskap.

**Mindre ulikskap**
Det Norske Teatret skal vere ein lett tilgjengeleg kunstnarleg møtestad som inkluderer og formidlar samfunnets mangfald av stemmer og blikk. Teateret skal vere eit kunstnarleg kraftsenter der alle kan kjenne seg heime.

**Stoppe klimaendringane**
Det Norske Teatret skal bidra til å stoppe klimaendringane gjennom ansvarleg forbruk og produksjon, og gjennom å ta vare på det ytre miljøet. Vi skal vere eit klimanøytralt teater innan 2030.

**Berekraftige byar og lokalsamfunn**
Det Norske Teatret skal vere ein open møteplass midt i hovudstaden for sosial og kulturell samhandling. I møte med publikum og samarbeidspartnarar skal vi bidra til gjensidig bevisstgjering og inspirasjon.

**Ansvarleg forbruk og produksjon**
Miljømedvit skal integrerast i all planlegging og ressursbruk ved teateret. Arbeidet med å redusere ressursbruken skal vere ei kreativ utfordring og gi rom for nyskaping.

# Klimarekneskap 2024




| UTSLEPPSKJELDE | FORBRUK | UTSLEPPSFAKTOR | UTSLEPP |
|---|---|---|---|
| OMRÅDE 1 | | | |
| *Energibruk - Diesel* | 28 liter | 2,66 Kg CO2e/liter | 0,074 tonn CO2 |
| *Drivstofforbruk i køyretøya til verksemda - Diesel (personbil/varebil)* | 320,73 liter | 2,66 Kg CO2e/liter | 0,853 tonn CO2 |
| **SUM OMRÅDE 1** | | | **0,928 TONN CO2** |
| OMRÅDE 2 | | | |
| *Energibruk - Elektrisitet* | 2066926 kWh | 0,015 kg CO2e/kWh | 31,004 tonn CO2 |
| *Energibruk - Fjernvarme* | 1124131 kWh | 0,074 kg CO2e/kWh | 83,186 tonn CO2 |
| *Drivstofforbruk i køyretøya til verksemda - Elektrisitet (personbil/varebil)* | 75,77 kWh | 0,019 kg CO2e/kWh | 0,001 tonn CO2 |
| **SUM OMRÅDE 2** | | | **114,191 TONN CO2** |
| OMRÅDE 3 | | | |
| Avfallsmengder - Restavfall | 41172,5 kg | 0,0157 CO2e/kg | 0,646 tonn CO2 |
| Tjenestereiser - Flyreiser, Norden (rapportere i tal reiser) | 166 tal reiser (ein veg) | 104 kg CO2e/reiser | 17,264 tonn CO2 |
| Tjenestereiser - Flyreiser, Europa (rapportere i tal reiser) | 81 tal reiser (ein veg) | 185 kg CO2e/reiser | 14,985 tonn CO2 |
| Avfallsmengder - Organisk avfall (matavfall med meir) | 8920 kg | 0,015 CO2e/kg | 0,134 tonn CO2 |
| Avfallsmengder - treavfall | 7680 kg | 0,02 CO2e/kg | 0,154 tonn CO2 |
| Avfallsmengder - Papir, papp og kartong | 15600 kg | 0,061 CO2e/kg | 0,952 tonn CO2 |
| Avfallsmengder - Metall (ikkje embalasje) | 7493,75 kg | 0,031 CO2e/kg | 0,232 tonn CO2 |
| Avfallsmengder - Glass- og metallemballasje | 4900 kg | 0,031 CO2e/kg | 0,152 tonn CO2 |
| Avfallsmengder - Plast | 2023,75 kg | 0,05 CO2e/kg | 0,101 tonn CO2 |
| Avfallsmengder - EE-avfall | 500 kg | 0,068 CO2e/kg | 0,034 tonn CO2 |
| Avfallsmengder - Farleg avfall | 1175,5 kg | 0,0227 CO2e/kg | 0,027 tonn CO2 |
| Produksjonsutslepp og overføringstap frå elektrisitet | 2066926 kWh | 0,018 CO2e/kg | 37,205 tonn CO2 |
| Produksjonsutslepp og overføringstap frå fjernvarme | 1124131 kWh | 0,0107 kg CO2e/kWh | 12,028 tonn CO2 |
| Produksjonsutslepp frå diesel | 348,73 liter | 0,624 kg CO2e/kWh | 0,218 tonn CO2 |
| **SUM OMRÅDE 3** | | | **84,131 TONN CO2** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **TOTALT KLIMAGASSUTSLEPP** **FRÅ SCOPE 1, 2 OG 3 (UTAN BIOGENT CO2)** | | | **199,250 TONN CO2e** |
| **UTSLEPP AV BIOGENT CO2** | | | **232,238 TONN CO2** |

# Premierar & repertoar












## ROBERTO ZUCCO

**Premiere 12. januar 2024 på Scene 2**
**Av** Bernard-MarieKoltès **Omsetjing** Ragnar Hovland **Regissør** Ivica Buljan **Scenograf** Alexandar Denić **Kostymedesignar** Ana Savic Gecan **Komponist** Mitja Vrhovnik Smreka **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Dramaturg** Julian Blaue **Med** Carl Martin Eggesbø, Frode Winther, Hilde Olausson, Charlotte Frogner, Øyvin Berven, Ellen Birgitte Winther, Joachim Rafaelsen, Geir Kvarme, Sarakka Gaup, Kirsti Refseth, Bobo Solan Hedin, Heine Røsten-Haga



## NÆRE RELASJONAR

**Premiere 17. januar 2024 på Scene 3**
**Av** Maria Tryti Vennerød **Regissør** Marie Blokhus **Dramaturg** Anna Albrigtsen **Med** Christian Ruud Kallum, Josefine Frida Pettersen, Oddgeir Thune, Tiril Heide-Steen/Marie Blokhus



## MOBY DICK

**Premiere 19. januar 2024 på Hovudscenen**
**Av** Herman Melville **Omsetjing** Bjørn Alex Herrman **Dramatisert av** Johannes Holmen Dahl, Sara Tangenes **Sceneversjon omsett til nynorsk ved** Tove Bakke **Regissør** Johannes Holmen Dahl **Scenograf og kostymedesignar** Nia Damerell **Komponist og lyddesignar** Alf Lund Godbolt, med bidrag frå musikarane **Lysdesignar** Norunn Standal **Dramaturg** Anders Hasmo **Med** Ane Dahl Torp, Thea Lambrechts Vaulen, Vetle Bergan, Kyrre Hellum, Sara Khorami/ Gina Bernhoft Gørvell, Terese Mungai-Foyn, Khalid Mahamoud, Kenneth Homstad **Musikarar** Elisabeth Nesset, Kaja Fjellberg Pettersen, Peder Varkøy



## HØR HER'A

**Urpremiere 9. februar 2024 på Scene 2**
**Av** Gulraiz Sharif **Dramatisering** Toril Solvang-Kayiambakis **Til nynorsk ved** Ingrid Weme Nilsen, Inger Johanne Sæterbakk **Regissør** Toril Solvang-Kayiambakis **Scenograf og kostymedesignar** Katja Ebbel **Lysdesignar** Oscar Udbye **Komponist** Sandra Kolstad **Koreograf** Tomas Adrian Glans **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Peiman Azizpour, Manish Sharma, Jae Nyamburah, Gaute Adela Aastorp Cudjoe



# TATOVERING

**Premiere 15. februar 2024 på Rommen Scene, Det Norske Teatret i Groruddalen**
**Av** Anna Malzer **Omsetjing** Ida Hove Solberg og Sofia Knudsen Estifanos **Regissør** Anna Malzer **Scenograf og kostymedesignar** Simone Bartholin **Lysdesignar** Mikkel Givskov **Lyddesignar** Emil Bøll **Dramaturg i Noreg** Anna Albrigtsen **Dramaturg i Danmark** Ann-Sofie Berthelsen **Kunstnarleg leiar, Det Norske Teatret i Groruddalen** Belinda Braza **Med** Ellen Bendu, Kaia Varjord




# CALIGULA

**Premiere 24. februar 2024 på Hovudscenen**
**Av** Albert Camus **Omsetjing** Tove Bakke **Regissør** Peer Perez Øian **Scenograf** Etienne Pluss **Koreograf** Kristin Ryg Helgebostad **Kostymedesignar** Bianca Deigner **Lysdesignar** Martin Flack **Komponist** Gaute Tønder **Dramaturg** Siri Løkholm Ramberg **Med** Karl-Vidar Lende, Ingeborg Sundrehagen Raustøl, Morten Svartveit, Gina Bernhoft Gørvell, Jon Bleiklie Devik, Gard Skagestad, Marianne Krogh, Svein Roger Karlsen, Paul-Ottar Haga, Petter Winther **Statistar** Amalie  Sunde, Andreas Vedvik, Erik Braatnes **Forlag** Nordiska ApS



# SPORTSKORET

**Premiere 14. mars 2024 på Scene 3**
**Av** Elfriede Jelinek **Omsetjing** Runa Kvalsund **Regissør** Rebekka Nilsson **Lyd og musikk** Sjur Miljeteig **Dramaturg** Anders Hasmo **Med** Carl Martin Eggesbø, Mathias Augestad Ambjør, Sarakka Gaup, Ellen Birgitte Winther, Joachim Rafaelsen **Musikar** Sjur Miljeteig **Forlag** Nordiska ApS




# SPYNORSK. THE MUSICAL.

**Urpremiere 13. april 2024 på Hovudscenen**
**Av** Are Kalvø **Musikk** Ingrid Bjørnov **Regissør** Ivar Tindberg **Scenografar** Gjermund Andresen, Stian Hole **Kostymedesignar** Unni Walstad **Koreograf** Eli Stålhand **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Musikkansvarleg og orkesterarrangement** Svenn Erik Kristoffersen **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Frank Kjosås, Julie Moe Sandø, Pål Christian Eggen, Ingrid Jørgensen Dragland, Mari Lerberg Fossum, Niklas Gundersen, Tiril Heide-Steen, Benjamin Hiley, Mathias Augestad Ambjør, Julie Støp Husby, Joakim Ousdal, Ina Svenningdal, Frode Winther, Bartek Kaminski **Musikarar** Svenn Erik Kristoffersen, Mats Grønner, Christian Svensson, Marius Reksjø, Katrine Pedersen, Børge-Are Halvorsen, Emilie Heldal Lidsheim, Lise Sørensen



# EINKVAN

**Urpremiere 25. april 2024 på Scene 2**
**Av** Jon Fosse **Regissør** Kjersti Horn **Scenograf og kostymedesignar** Sven Haraldsson **Videoregissør** Mads Sjøgård Pettersen **Lysdesignar** Oscar Udbye **Komponist og lyddesignar** Erik Hedin **Dramaturg** Anna Albrigtsen **Regiassistentar** Michaela Vyskocil Gettwert, Borgar Skjelstad **Scenografiassistent** Eli Mai Nesse **Med** Preben Hodneland, Vetle Bergan, Marianne Krogh, Hilde Olausson, Per Schaanning, Jon Bleiklie Devik



# MOMA

**Urpremiere 11. mai 2024 på Scene 3**
**Av** Goksøyr & Martens **Regissørar** Toril Goksøyr, Camilla Martens **Visuelt ansvarleg og lysdesignar** Ingeborg Staxrud Olerud **Lyddesignarar** Lewis Keller, Merete Mongstad **Komponist** Gaute Tønder **Spoken word** Jae Nyamburah **Dramaturgpraktikant** June Røed **Med** Jae Nyamburah, Trine Wiggen, Thea Lambrechts Vaulen, Oddgeir Thune



# BITEN AV MUSIKAL

**Premiere 15. mai 2024 på Hovudscenen**
**Regissør** Ingeborg Sundrehagen Raustøl **Kostymedesignar** Unni Walstad **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Musikkansvarleg** Svenn Erik Kristoffersen **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Heidi Gjermundsen Broch, Ingrid Jørgensen Dragland, Mari Lerberg Fossum, Ina Svenningdal, Sisi Sumbundu, Pål Christian Eggen, Hans Magnus Hildershavn Rye, Joakim Ousdal, Espen Bråten Kristoffersen, Joachim Rafaelsen, Geir Kvarme **Musikarar** Svenn Erik Kristoffersen, Mats Grønner, Marius Reksjø, Christian Svensson, Katrine Pedersen, Børge-Are Halvorsen, Espen Alfred Leite, Jens Petter Antonsen



# PRINSESSA SOM INGEN KUNNE MÅLBINDE

**Urpremiere 31. august 2024 på Scene 3**
**Basert på eit eventyr av** Asbjørnsen og Moe **Ide, konsept og manus** Campingkompaniet **Regissør** Andreas Ven Langø **Med** Lisa Birkenes Thun, Sofia Knudsen Estifanos

*Framsyninga er laga i samarbeid med Campingkompaniet.*



# JENTE, 1983

**Premiere 6. september 2024 på Scene 2**
**Av** Linn Ullmann **Dramatisering** Luk Perceval **Til nynorsk ved** Brit Bildøen **Regissør** Luk Perceval **Scenograf** Philip Bussmann **Kostymedesignar** Ilse Vandenbussche **Lysdesignar** Mark Van Denesse **Komponist** Sandra Kolstad **Videoteknikar** Nikolai Bergstrøm **Lyddesignar** Alf Vaksdal **Dramaturg** Siri Løkholm Ramberg **Med** Gjertrud Jynge, Gina Bernhoft Gørvell



# HEDDA GABLER

**Premiere 7. september 2024 på Hovudscenen**
**Av** Henrik Ibsen **Til nynorsk ved** Aina Basso **Regissør** Kjersti Horn **Scenograf og kostymedesignar** Sven Haraldsson **Videoregissør** Mads Sjøgård Pettersen **Komponist og lyddesignar** Erik Hedin **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Dramaturg** Anna Albrigtsen **Lysdesignassistent** Gyril Høgberg **Med** Jae Nyamburah, Emil Johnsen, Preben Hodneland, Kyrre Hellum, Kjersti Dalseide, Geir Kvarme, Kirsti Refseth



# EG FØRESLÅR AT VI VAKNAR

**Urpremiere 11. oktober 2024 på Scene 2**
**Av** Beate Grimsrud **Dramatisert av** Charlotte Frogner, Toril Solvang-Kayiambakis **Til nynorsk ved** Gunnhild Øyehaug **Regissør** Charlotte Frogner **Scenograf og kostymedesigar** Christina Lovery **Lysdesignar** Oscar Udbye **Komponist** Michaela Antalová **Dramaturg** Anna Albrigtsen **Med** Heidi Gjermundsen Broch, Karl-Vidar Lende, Thea Lambrechts Vaulen, Ellen Birgitte Winther, Marianne Krogh **Musikar** Michaela Antalová **Forlag** Cappelen Damm



*I samarbeid med Kilden teater og konserthus*

# SNØSØSTERA

**Nypremiere 12. oktober 2024 på Hovudscenen**
**Av** Maja Lunde og Lisa Aisato **Dramatisering** Maja Lunde **Regissør** Alan Lucien Øyen **Scenograf** Åsmund Færavaag **Komponist og musikkansvarleg** Henrik Skram **Kostyme- og maskedesignar** Stine Sjøgren **Videodesignar** Martin Flack **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Lyddesignar** Gunnar Innvær **Rulleskøyteinstruktør** Louisa Warwin **Dramaturg og regiassistent** Anders Hasmo **Med** Gina Bernhoft Gørvell, Vetle Bergan/Mathias Augestad Ambjør, Per Schaanning, Svein Roger Karlsen, Joakim Ousdal, Mona Huang Høivik, Ellen Birgitte Winther/Ane Dahl Torp, Kyrre Hellum/Oddgeir Thune, Helene Bjerke Svindal, Vilde Sundfør Johannessen **Statistar** Børge Løkke Knudsen, Eirik Ingebricson, Stene Evensen, Mathias Rusvik, Hans Petter Ilstad, Jonas Hestvik Dahl, Hege Aker-Iversen, Marius Beron Noreger, Bjørn Widmark, Fredrik Bjerkan, Dag Erlingson, Yngvar Kollstrøm



# JAZZ PÅ NYNORSK

**Urpremiere 24. oktober 2024 på Scene 3**
**Regissør** Eirik Stubø **Dramaturg** Siri Løkholm Ramberg **Med** Gjertrud Jynge, Ingeborg Sundrehagen Raustøl, Ingrid Jørgensen Dragland, Lasse Kolsrud, Morten Svartveit, Sarakka Gaup **Musikarar** Håvard Stubø, Erik Nylander, David Wallumrød



# UNDER OPEN HIMMEL

**Premiere 16. november 2024 på Hovudscenen**
**Av** Steve Tesich **Omsetjing** Ragnar Hovland **Regissør** Erik Ulfsby **Visuelt uttrykk** Lars Ø Ramberg **Kostymedesignar** Unni Walstad **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Lyddesignar** Morten Alexander Jorsett **Kunstnarleg medarbeidar Studio Ramberg** Ditteke Waidelich **Lysdesignassistent** Gyril Høgberg **Dramaturg** Anders Hasmo **Med** Peiman Azizpour, Amell Basic, Pål Christian Eggen **Musikar** Einar Halle **Statist** Saara Sipliä-Kristoffersen **Forlag** Colombine Teaterförlag



# ELLEN BABIĆ

**Premiere 22. november 2024 på Scene 3**
**Av** Marius von Mayenburg **Omsetjing** Astrid Sverresdotter Dypvik **Regissør** Peer Perez Øian **Dramaturg** Anna Albrigtsen **Med** Kirsti Refseth, Marie Blokhus, Gard Skagestad **Forlag** Colombine Teaterförlag




# JULEROSER

**Premiere 1. desember 2024 på Hovudscenen**
**Regissørar** Herborg Kråkevik, Charlotte Frogner **Musikkansvarleg** Svenn Erik Kristoffersen **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Scenografi frå Snøsøstera, laga av** Åsmund Færavaag **Med** Herborg Kråkevik, Charlotte Frogner, Morten Svartveit, Pål Christian Eggen med gjestar **Band** Svenn Erik Kristoffersen, Sophia Hugo Cabo, Erland Dalen, Marius Reksjø



# ABRAHAMS BARN

**Urpremiere 9. september 2011 på Hovudscenen**
**Av** Svein Tindberg **Omsetjing av utvalde tekstar** Ola E. Bø **Regissør** Kjetil Bang-Hansen **Scenograf** John-Kristian Alsaker **Lysdesignar** Ola Bråten **Dramaturg** Ola E. Bø **Med** Svein Tindberg



# HAUGTUSSA

**Premiere 14. november 2013 på Scene 3**
**Av** Arne Garborg **Omarbeidd av** Ane Dahl Torp **Regi** Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby **Med** Ane Dahl Torp **Musikar** Sjur Miljeteig



# TANTE ULRIKKES VEI

**Urpremiere 28. august 2019 på Rommen scene**
**Av** Zeshan Shakar **Tilrettelagt for scenen av** Carl Morten Amundsen og Victoria Meirik **Regissør** Victoria Meirik **Scenograf og kostymedesignar** Unni Walstad **Lysdesignar** Gyril Høgberg **Videodesignar** Simon Valentine **Lyddesignar** Audun Melbye **Dramaturg** Carl Morten Amundsen **Med** Manish Sharma, Gaute Adela Aastorp Cudjoe, Julie Støp Husby



# SPORV OG ENGEL

**Premiere 24. mars 2023 på Scene 2**
**Av** Daniel Große Boymann og Thomas Kahry **Omsetjing** Ragnar Hovland **Regissør** Ann-Christin Rommen **Scenograf og lysdesignar** Jens Sethzman **Kostyme- og maskedesignar** Julia von Leliwa **Dramaturgar** Jutta Febers, Ingrid Weme Nilsen **Musikkansvarleg** Svenn Erik Kristoffersen **Lyddesignar** Vibeke Blydt-Hansen **Med** Gjertrud Jynge, Ingeborg Sundrehagen Raustøl, Jon Bleiklie Devik/Kenneth Homstad, Hilde Olausson **Musikarar** Espen Alfred Leite, Marius Reksjø, Christian Svensson, Roger Williamsen, Svenn Erik Kristoffersen **Forlag** Nordiska ApS




# IFIGENIA I AULIS

**7. februar 2024 på Scene 3**
**Av** Euripides, i ein versjon av Jon Fosse
**Med** Kirsti Refseth, Roger Arntzen




# KJELLARMENNESKET

**29. februar 2024 på Scene 3**
**Av** Fjodor Dostojevskij **Regissørar** Sara Wist Tangenes, Johannes Holmen Dahl **Dramatisering** Nils Sletta **Omsetjing** Isak Rogde **Omarbeiding** Amund Sigurdssønn Karlsen, Sara Wist Tangenes, Johannes Holmen Dahl **Med** Amund Sigurdssønn Karlsen, Kirsti Refseth



# SUDDEN DEATH

**Urpremiere 25. mai 2023 på Scene 3**
**Av** Petter S. Rosenlund **Regissør** Sigurd Ziegler **Visuelt ansvarleg** Norunn Standal **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Kyrre Hellum, Marie Blokhus, Oddgeir Thune



# TILGI MEG

**Premiere 13. oktober 2023 på Scene 2**
**Av og med** Bjarte Tjøstheim **Regissør** Thomas Giertsen **Co-regissør** Karina Aase **Scenograf og kostymedesignar** Gjermund Andresen **Lysdesignar** Per Willy Liholm **Lyddesignar** Vibeke Blydt-Hansen **Dokkedesignarar** Marthe Brandt, Anna Granberg, Gjermund Andresen **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen



# FROST

**Noregspremiere 14. oktober 2023 på Hovudscenen**
**Musikk og songtekstar** Kristen Anderson-Lopez & Robert Lopez **Manus av** Jennifer Lee **Basert på Disney-filmen av** Jennifer Lee, regissert av Jennifer Lee og Chris Buck **Omsetjing** Runar Gudnason **Regissør** Gísli Örn Garðarsson **Scenograf** Börkur Jónsson **Musikkansvarleg og orkestrering for Det Norske Teatret** Svenn Erik Kristoffersen **Kostymedesignar** Christina Lovery **Koreograf** Belinda Braza **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Lyddesignar** Morten Alexander Jorsett **Dokkedesignar** Marthe Brandt **Dramaturg** Anders Hasmo og Ingrid Weme Nilsen **Regiassistentar** Louise Grimstad Waarli, Inga Oskarsdottir **Med** Mimmi Tamba/Julie Moe Sandø, Ina Svenningdal/Tiril Heide-Steen, India Johanna Mydske/Thelma Advocaat/Savannah Isabelle von Nyegaard Meidell-Clausen, Noela Rose Skalstad/Ester Guadalupe Støten Vargas/Iben Nerland MacDonald, Mathias Augestad Ambjør, Vegard Bjørsmo, Espen Bråten Kristoffersen, Kaia Varjord, Sisi Sumbundu, Joakim Ousdal, Jan-Christian «Janki» Horntvedt, Julie Støp Husby, Niklas Gundersen, Petter Winther, Hilde Olausson/Mari Lerberg Fossum, Dovile Martinkute, Øyvin Berven/Bartek Kaminski, Benjamin Hiley, Elise Twistleton Fiennes Berg-Hansen **Orkester** Svenn Erik Kristoffersen, Knut Løchsen/Ellen Marie Carlsen, Ståle Sletner/Victor Berg, Mats Grønner/Håvard Caspersen, Christian Svensson/Knut Ålefjær, Marius Reksjø/Roger Williamsen, Jens Petter Antonsen/Lasse Rossing, Børge-Are Halvorsen/Camilla Bjørndahl Blomquist, Mats Lemjan/Camilla Bjørndahl Blomquist/Morten Michelsen, Katrine Pedersen/Sophia Cabo

*Opphavleg produsert på Broadway av Disney Theatrical productions og opphavleg regissert på Broadway av Michael Grandage.*

*Sámi Našunálateáhter Beaivváš er med som samarbeidspartnar i utviklinga av framsyninga på det Norske Teatret.*




# VI BETALER IKKJE! VI BETALER IKKJE!

**Premiere 19. oktober 2023 på Scene 3**
**Av** Dario Fo **Omsetjing** Inger Johanne Sæterbakk **Regissør** Bartek Kaminski **Dramaturg** Jenny Gisladottir **Med** Kyrre Hellum, Marie Blokhus, Ellen Birgitte Winther, Joachim Rafaelsen, Bartek Kaminski **Forlag** Nordiska ApS



# ER MIKROFONEN MIN PÅ?

**Premiere 26. oktober 2023 på Rommen Scene, Det Norske Teatret i Groruddalen**
**Av** Jordan Tannahill **Omsetjing** Ola E. Bø **Regissør** Alva Kaisa Odden Langedok **Visuelt ansvarleg** Deepa Veronica Andersen **Koreograf** Jon Werede Hope **Dramaturg** Anna Albrigtsen **Med** Nnennaya Sofie Ezimoha Olimb, Oda Garnås Paaske, Saara Siplïa-Kristoffersen, Melina Ismini Karantonis, Adanne Lin-Ji Ezimoha Sætereie, Aksel Olaf Knarvik Hørnes **Forlag** Colombine Teaterförlag

*Framsyninga var eit samarbeid med Den Mangfaldige Scenen og støtta av Den Unge Scenen.*



## HEIL VED

**Urpremiere 12. november 2023 på Hovudscenen**
**Basert på boka til** Lars Mytting **Med musikk av** Stein Torleif Bjella **Regissør** Erik Ulfsby **Komponist** Stein Torleif Bjella **Lysdesignar** Torkel Skjærven **Scenografar** Erik Ulfsby og Torkel Skjærven **Lyddesignar** Bjørnar Hopland **Dramaturg** Ingrid Weme Nilsen **Med** Christian Ruud Kallum, Pål Christian Eggen, Frode Winther, Jon Bleiklie Devik, Stein Torleif Bjella



## HANS OG GRETE

**Premiere 16. november 2023 på Scene 3**
**Basert på eventyret av** brørne Grimm **Regissør** Charlotte Frogner **Dramaturg** Anna Albrigtsen **Med** Karl-Vidar Lende/ Charlotte Frogner, Marianne Krogh, Kenneth Homstad, Kirsti Refseth

# Gjestespel & vising

### DAVID OG JONATAN
**11. desember 2024 på Scene 3**
**Gjestespel frå** Det Norske Fossekompaniet.

### DEN FINASTE FITTA I NORDLAND ER MI
**5. desember 2024 på Scene 3**
**Gjestespel frå** Marie Blokhus og Heidi Ruud Ellingsen.

### UT OG STJÆLE SCENER – ROBERTO ZUCCO
**16. april 2024 på Scene 2**
**Gjestespel frå** Det Andre Teatret

### UT OG STJÆLE SCENER – EG FØRESLÅR AT VI VAKNAR
**7. desember 2024 på Scene 2**
**Gjestespel frå** Det Andre Teatret

### KORTE ÅR – LANGE DAGER
**25. januar – 9. februar DATO 2024 på Scene 3**
**Gjestespel frå** Spkrbox

### BEATUR – MASTER OF THE UNIVERSE
**6. – 9. mars 2024 på Scene 3**
**Gjestespel frå** Spkrbox

### NATTEN. KAOS. STILLHETEN.
**9. juni 2023 på Hovudscenen**
**Gjestespel frå** Trøndelag Teater

### EN FISK TIL LUNA
10. juni 2024 på Scene 3
**Gjestespel frå** Unge Viken Teater

### BUFFY BY
13. juni 2024 på Scene 3
**Gjestespel frå** Kvääniteatteri

### REBELL
13. desember 2024 på Rommen Scene
**Verkstadvising,** Det Norske Teatret i Groruddalen

## Samarbeidsprosjekt

***MomA*** (Goksøyr/Martens)
***Juleroser*** (Samlaget)
***Prinsessa som ingen kunne målbinde*** (Campingkompaniet)
***Vildanden*** (The Coronet Theatre, Det norske Ibsenkompaniet og Den Nationale Scene)
***Græt du?*** (Bergen Dramatikkfestival, Det Vestnorske Teatret)

**Eldre samarbeidsprosjekt som heldt fram inn i 2024:**

***Frost*** (Vesturport, Island og Sámi Našunálateáhter Beaivváš)
***Snøsøstera*** (Kilden)
***Tilgi meg*** (Bjarte Tjøstheim)
***Haugtussa*** (Anepane)
***Det e hardt å være b**ch*** (Brageteatret, Hålogaland Teater, Iren Reppen)
***Spelejenta*** (Teatr Baj, Polen)
***Er mikrofonen min på*** (Den mangfaldige scenen / Den unge scenen)
***Rebell*** (Den mangfaldige scenen, Rommen scene)

## Det Norske Teatret i Groruddalen

**REBELL**
Ein teaterklubb for barn og unge i Groruddalen.
I 2024 har vi hatt 60 kurskveldar delt på Vestliklubben, Lindebergklubben, The Raven Romsås, Verdenshuset Haugenstua og Rommen scene.

Rebell viser borna dei mange inngangane og moglegheitene som finst i teateret, både for kreativ utfalding, deltaking og oppleving, men også som ein mogleg framtidig karriereveg.

Kvar sesong har resultert i ei felles visning for alle klubbane på Rommen scene.

**Kurshaldarar for «Rebell» i 2024 har vore:**
**Arman Surizehi:** Humor, skodespel og videoredigering
**Hilde Bugge:** Collage-kunst og scenografi
**Beatur:** Musikk og lyd i teateret
**Shwan Wahed:** Skodespel
**Eshidoreen Paradiso:** Hiphop og house
**Øyvin Løype og Inger-Johanne Byhring:** Lysdesign og -teknikk
«Rebell» fekk støtte frå Bufdir i 2024.

**FREDAGSKVELD I GRORUDDALEN:**
**The Shakespeare Kiki Ball vol.2**
I samarbeid med Gigi Sunshine Angels og Frode 007. Rommen Scene, 12. april

**The Gathering**
I samarbeid med B16. Rommen Scene, 24. mai

**Mellom linjene med Don Martin**
I samarbeid med Don Martin. Rommen Scene, 14. juni

## Podkasten Språkoppdraget

Podkasten Språkoppdraget heldt fram i 2024. Programleiarar er Inger Johanne Sæterbakk og Erlend Tårnesvik Dreiås. Produsent er Ole Herman Andersen. Desse episodane blei laga i 2024:

**«Anna Malzer om språk, identitet og å lese seg sjølv på nynorsk»**
Publisert: 31. januar

**«Manish Sharma om Haugesund, hindi og Hør her'a»**
Publisert 14. februar

**«Peder Lofnes Hauge om nynorsk, spynorsk og superhelten Ivar Aasen»**
Publisert 6. mars

**«Frank Kjosås om stemmebruk, språkval og Ivar Aasen»**
Publisert 21. mars

**«Ingrid Bjørnov om språk, musikk og mikken til pauken»**
Publisert 10. april

**«Preben Hodneland om Fosse, pausar og prosess»**
Publisert 8. mai

**«Ordbokredaktør Margunn Rauset om Nynorsk ordliste, kløyvd infinitiv og MP3-spelarar»**
Publisert 29. mai

**«Sommarspesial»**
Publisert 26. juni

**«Heidi Gjermundsen Broch om stemmebruk, tekst og kontekst»**
Publisert 25. september

**«Sveinung Rotevatn om maktspråk, jusspråk og nynorsk i Grunnlova»**
Publisert 30. oktober

**«Gina Bernhoft Gørvell om Sonja, samurai og Snøsøstera»**
Publisert 20. november

**«Julehefte spesial»**
Med besøk frå Nana Rise-Lynum og Kjartan Helleve.
Publisert 18. desember

**«Språkoppdragets julestrømpe»**
Med besøk frå Aasentunet og Garborgsenteret.
Publisert 23. desember

## Andre podkastar

**«Bakteppet: Om video i teateret»**
Med Kjersti Horn, Mads Sjøgård Pettersen og Siri Løkholm Ramberg. Produsent er Ole Herman Andersen.
Publisert 10. september

## Innsikt

I 2024 hadde teateret fleire introduksjonar og samtalar. Mellom anna hadde vi eit samarbeid med Humaniorafestivalen ved Universitetet i Oslo. I samband med *Spynorsk. The Musical.* hadde teateret to introduksjonar med Ingrid Bjørnov, der den første av desse blei filma og lagt ut på YouTube.

**Innsikt før *Moby Dick***
Introduksjon ved Espen Ytreberg. Introduksjonen var eit samarbeid med Humaniorafestivalen 2024, Universitetet i Oslo. I Bikuben, 12. mars

**Innsikt før *Heil Ved***
Bjørn Bækkelund frå Anno Norsk Skogmuseum i samtale med Kari Toft. I Bikuben, 16. mars

**Innsikt før *Caligula***
Mathilde Skoie og Christine Amadou i samtale med Agnete G. Haaland. Introduksjonen var eit samarbeid med Humaniorafestivalen 2024, Universitetet i Oslo.
I Bikuben, 21. mars

**Premieresamtale før *Einkvan***
«Om Einkvan, Jon Fosse og Nobelprisen»
Cecilie Seiness og Kjersti Horn i samtale med Astrid Sverresdotter Dypvik.
I Utskarpen, 25. april

**Premieresamtale før *Hedda Gabler***
Mattis Herman Nyquist og Kjersti Horn i samtale med Hilde Østby. På Midtgolvet, 7. september

**Innsikt før *Hedda Gabler***
Kjersti Horn i samtale med Hilde Østby.
I Bikuben, 4. oktober

**Premieresamtale før *Eg føreslår at vi vaknar***
Kari Joynt og Olaug Nilssen i samtale med Toril Solvang-Kayiambakis. I foajeen, 11. oktober.

**Innsikt før *Spynorsk The Musical***
«Tangentsnakk med Ingrid Bjørnov, del 1»
Med Ingrid Bjørnov, Svenn Erik Kristoffersen og Ivar Tindberg
På Midtgolvet, 1. november. Introduksjonen blei også filma og delt digitalt.

**Innsikt før *Jente, 1983***
Med Linn Ullmann i samtale med Kaja Schjerven Mollerin.
På Midtgolvet, 8. november

**Premieresamtale før *Under open himmel***
Med Erik Ulfsby i samtale med Alfred Fidjestøl.
På Midtgolvet, 16. november

**Innsikt før *Hedda Gabler***
Introduksjon ved Siri Løkholm Ramberg.
I Bikuben, 17. november

**Innsikt før *Under open himmel***
Introduksjon med Kari J. Brandtzæg. Introduksjonen var eit samarbeid med Munch-museet. I Bikuben, 3. desember

**Innsikt før *Einkvan***
Introduksjon med Kjersti Horn. I Bikuben 5. desember

**Innsikt før *Hedda Gabler***
Introduksjon med Siri Løkholm Ramberg.
I Bikuben, 11. desember

**Innsikt før *Spynorsk. The Musical.***
Are Kalvø i samtale med Ingrid Weme Nilsen.
På Midtgolvet, 12. desember

**Innsikt før *Spynorsk. The Musical.***
«Tangentsnakk med Ingrid Bjørnov, del 2»
Med Ingrid Bjørnov, Svenn Erik Kristoffersen og Ivar Tindberg.
På Midtgolvet, 18. desember.

Den kulturelle skolesekken
I 2024 hadde Det Norske Teatret framsyningar for både grunnskole og vidaregåande skole i tilbodet til Den kulturelle skolesekken. I tillegg heldt vi fram med formidlingsopplegget «Møt Det Norske Teatret» for elevar i Oslo-skolen.

***Møt Det Norske Teatret***
For Den kulturelle skolesekken Oslo hadde teateret formidlingsopplegget «Møt Det Norske Teatret» som ein del av det faste tilbodet til 6. klasse skoleåra 2023/24 og 2024/25. Tilbodet er i to delar, der den eine delen er omvising på teateret og ein dramaverkstad, og den andre delen er at elevane ser ei teaterframsyning.

**Del 1:** I underkant av 1900 elevar fordelt på 63 klassar var med på omvising og teaterverkstad våren 2024 (Skoleåret 2023/2024. Desse såg framsyninga *Frost* hausten 2023.)

**Del 2:** Om lag 2100 elevar såg framsyninga *Snøsøstera* hausten 2024. (Skoleåret 2024/25. Desse har omvising våren 2025).

**Andre framsyningar i Den kulturelle skolesekken**
Framsyninga *Frost* var del av tilbodet til elevar i Asker kommune. Om lag 1407 elevar såg framsyninga våren 2024. (Skoleår 2023/24)

Framsyninga *Tatovering* på Rommen Scene var del av tilbodet for vidaregåande skole i Oslo. Om lag 1000 elevar såg framsyninga våren 2024. (Skoleår 2023/24)

Framsyninga *Snøsøstera* var del av det opne tilbodet i DKS Oslo. Om lag 700 elevar såg framsyninga hausten 2024. (Skoleår 2024/25)

## Samarbeid

**OBOS Billettfond**
I fleire år har teateret hatt eit flott og givande samarbeid med hovudsponsor OBOS om eit billettfond for skolar. Hausten 2024 kunne skolar søke om billettar til *Snøsøstera* og *Spynorsk. The Musical*. Det blei søkt om nesten 15 000 billettar og totalt 1460 elevar fekk gleda av å sjå framsyningane *Snøsøstera* og *Spynorsk, The Musical.* saman med klassen sin.

**Kavli billettfond**
I lag med Kavlifondet har teateret eit billettfond for ideelle, frivillige og humanitære organisasjonar som ønskjer å bruke eit teaterbesøk i arbeidet sitt. I løpet av 2024 blei det delt ut totalt 257 billettar til ein verdi av 106 635 kroner. Framsyningane dei søkte om billettar til var mellom anna *Hør her'a*, *Snøsøstera*, *Tante Ulrikkes vei* og *Spynorsk, The Musical.*

## Omvising

Det Norske Teatret hadde omvisingar i løpet av heile året der vi viser fram teaterhuset til publikum. I tillegg til generelle omvisingar, hadde teateret også temaomvising knytt opp mot framsyninga *Frost.*

## Utstillingar

**«Motorsag i utstilling» til *Heil ved***

I samband med framsyninga *Heil ved* hadde teateret eit samarbeid med Anno Norsk Skogmuseum. Vi fekk låne seks motorsager som blei stilt ut i foajeen. Mellom anna blei tre generasjonar av den norskproduserte Jo-Bu-motorsaga vist fram. Den eldste, Jo-Bu Senior, vog heile 17,5 kg, men blei oppfatta som ei lett einmannssag da den kom rundt 1950-åra. Saman med foto og tekst fortalde denne utstillinga historia om norsk skogbruk.

**«Kunsten speler ei rolle» – utstilling frå Oslo kommunes kunstsamling**
I samband med visninga av *Under open himmel* av Steve Tesich hadde vi eit samarbeide med Oslo kommunes kunstsamling, der vi lånte fleire kunstverk til bruk i framsyninga. I tillegg viste Oslo kommunes kunstsamling utvalde verk frå samlinga si i foajeen og publikumsareala våre. Utstillinga stod frå oktober og ut året og viste verk av: Lars Korff Lofthus, Jakob Schmidt, Elne Mugaas, May von Krogh, Linda Bournane Engelberth, Jim Darbu, Gro Jessen og Arvid Pettersen.

## Lunsj & Lyrikk

**Besteforeldrenes klimaaksjon**
Dato: 29.–30. januar og 1. – 2. februar

**Kenneth Homstad**
Dato: 8. februar

**Amund Sigurdssønn Karlsen**
Dato: 13. og 22. februar

**Kyrre Hellum**
Dato: 27. februar

**Christian Ruud Kallum**
Dato: 29. februar

**Amund Sigurdssønn Karlsen**
Dato: 5. og 7. mars

**Kirsti Refseth**
Dato: 12. mars

**Øyvin Berven**
Dato: 14. mars

**Amund Sigurdssønn Karlsen**
Dato: 2. april

**Petter Winther og Mathias Augestad Ambjør**
Dato: 4. april

**Elise Berg-Hansen og Dovile Martinkute**
Dato: 9. april

**Kenneth Homstad**
Dato: 11. april

**Gjertrud Jynge**
Dato: 18. april

**Amund Sigurdssønn Karlsen**
Dato: 2. mai

**Marianne Krogh**
Dato: 7. mai

**Sarakka Gaup**
Dato: 14. mai

**Tiril Heide-Steen**
Dato: 16. mai

**Amund Sigurdssønn Karlsen**
Dato: 28. og 30. mai

**Sarakka Gaup**
Dato: 2. september

**POESI med Skuespillerstudenter ved Høyskolen Kristiania**
Dato: 3. september

**Sarakka Gaup**
Dato: 5. og 10. september

**Ingeborg Sundrehagen Raustøl**
Dato: 12. september

**Amund Sigurdssønn Karlsen**
Dato: 24. september og 1. og 3. oktober

**Per Schaanning**
Dato: 22. oktober

**Øyvin Berven**
Dato: 24. oktober

**Julie Moe Sandø**
Dato: 29. oktober

**Mona Huang**
Dato: 5. november

**Heidi Gjermundsen Broch**
Dato: 14. november

**Amund Sigurdssønn Karlsen**
Dato: 19. november

**Vennelaget: Per Sivle "at livet det er no det likaste lell"**
Dato: 21. november

**Boklansering Edvard Hoem**
Dato: 28. november

**Amund Sigurdssønn Karlsen og Mathias Augestad Ambjør - God jul!**
Dato: 5. desember

# Styrets årsmelding

Det Norske Teatret – DNT – er landets største nynorskinstitusjon og nobelprisvinnar Jon Fosse sitt eige teater. DNT skal vere eit djervt teater som vågar å presentere ulike kunstnarlege uttrykk og framsyningar.

DNT sette opp den første urframføringa av Fosse etter at han fekk Nobelprisen i litteratur, *Einkvan* i regi av påtroppande teatersjef Kjersti Horn. Framsyninga fekk gode kritikkar og har spelt for fulle hus sidan premieren 26. april.

To modige musikalske satsingar fann stad i 2024. Den nyskrivne nynorskmusikalen *Spynorsk. The Musical.* og *Jazz på nynorsk*, ei reise gjennom landets mange folketonar. *Spynorsk. The Musical.* av Are Kalvø og Ingrid Bjørnov, med Frank Kjosås og Julie Moe Sandø i hovudrollene, hadde mål om å få heile folket til å synge «symje, sym, sumde, har sumt». Framsyninga sette den nynorske målreisinga og Ivar Aasen i eit nytt og humoristisk superheltlys. Storsatsinga fekk gode kritikkar, men selde diverre ikkje som forventa.

Kunstnarlege og økonomiske suksessar var derimot *Jazz på nynorsk* og *Jente, 1983* – den siste med den belgiske stjerne-regissøren Luk Perceval. «Kompromissløs kunst. (...) noe av det sterkeste du kan se på scenen i høst», skreiv Aftenposten.

Etter eit krevjande økonomisk år i 2023 utarbeidde DNT ein handlingsplan for ein sunn teaterøkonomi. Styret er tilfreds med at planen har fungert og at vi for 2024 igjen kan rapportere eit overskot. Overskotet kjem som resultat av god kostnadskontroll og auka løyvingar i løpet av 2024.

Med ei viss bekymring ser styret at billettsalet endar på under 47 millionar kroner. Dette er vesentleg under dei 63 millionane vi budsjetterte med. Styret vil saman med administrasjonen arbeide for å finne tiltak som kan auke eigeninntektene til teateret.

Andre hendingar har òg påverka økonomien negativt, mellom anna konkursen hos den eksterne leverandøren av bar-, restaurant og kantinetenester. Det er tilfredsstillande at vi likevel har klart å halde kostnadane nede gjennom 2024.

Arbeidet for eit meir mangfaldig teater er heilt sentralt for Det Norske Teatret og teatersjef Erik Ulfsby starta skode-spelarutdanninga Det multinorske i 2012. Jae Nyamburah (37) gjekk i det aller fyrste kullet – og i 2024 aksla ho hovudrolla i *Hedda Gabler* på Hovudscenen.

26. september 2024 var siste speledato for *Tante Ulrikkes Vei* ved Rommen Scene i Groruddalen. Sidan premieren i 2019 har om lag 25 500 personar sett framsyninga.

2024 var Erik Ulfsby sitt 14. og siste år som teatersjef. Mellom 300 og 350 framsyningar har blitt sett opp med Ulfsby som sjef.

Ulfsby har opna og endra teatret. Han innførte repertoarteater, søndagsteater og gjenopna den stengde scenen, som heretter skulle heite Scene 3.

I tillegg til auka produksjonstakt, fleire speledagar, auka mangfald og meir aktivitet i huset, vil Ulfsby si tid som teatersjef bli hugsa for dei mange og enorme prosjekta på Hovudscenen.

Han valde Steve Tesich sin sterke tekst *Under open himmel* som si avskjedsframsyning – ei framsyning som mellom anna handlar om kunst og verdien av kunst, religion og krig. Peiman Azizpour og Amell Basic aksla hovudrollene. Den internasjonalt kjende konsept-kunstnaren Lars Ø. Ramberg hadde scenografi og Oslo kommunes kunstsamling lånte ut verk av mellom anna Odd Nerdrum, Hanna Borchrevink og Frans Widerberg til bruk i framsyninga.

Styret takkar Erik Ulfsby for den formidable innsatsen og ser fram til samarbeidet med ny teatersjef Kjersti Horn.

Styret nyttar også høvet til å takke alle tilsette for innsatsen dei har lagt ned gjennom året. Styret takkar også alle gode private og offentlege samarbeidspartnarar for deira bidrag til at teateret igjen har lukkast med å oppfylle oppdraget sitt som formidlar av nynorsk språk- og scenekunst, arbeid med inkludering og mangfald og vidare utvikling.

**Driftsinntekter**
Det Norske Teatret fekk ei ekstra løyving på 9 millionar kroner i revidert statsbudsjett 2024. Vidare har teateret fått innvilga 3,7 millionar kroner i ENØK-tilskot knytt til investeringar i energieffektiviserande tiltak. Det er motteke MNOK 3,4 i januar 2025. Som følgje av konkursen hos drivaren av restaurant- og kantinetilbodet har vi hatt ein reduksjon i inntekter knytt til serveringstilbodet.

Billettsalet for 2024 blei lågare enn førre år og vesentleg lågare enn budsjettert. Svikten i billettsalet kjem fyrst og fremst på framsyningar på Hovudscenen som *Spynorsk. The musical.*, *Snøsøstera* og *Frost*.

**Driftskostnadar**
Som følgje av eit betydeleg underskot i 2023 utarbeidde verksemda våren 2024 ein handlingsplan for sunn teaterøkonomi. Planen har vore følgt og vi har lukkast med å spare betydelege kostnadar samanlikna med budsjettet. Innsparingane er primært tekne på personalkostnadar og andre driftskostnadar. Innsparingane har etter styret si vurdering ikkje svekt den kunstnarlege kvaliteten, men har påverka tilsette og avdelingar mellom anna ved at teateret ikkje har tilsett i ledige stillingar.

**Mangfald, likestilling, leiing og organisasjon**
Det Norske Teatret skal vere eit inkluderande og ope teater for tilsette, samarbeidspartnarar og publikum. Teateret vil i dei kommande åra ytterlegare styrke arbeidet med å inkludere og involvere nye grupper av menneske. Teateret har i 2024 vidareført mellom anna arbeidet på Rommen Scene og eit aktivt arbeid med mangfald og inkludering. Det Norske Teatret er saman med Noregs Ungdomslag og Bondeungdomslaget i Oslo eigarar av Den Mangfaldige Scenen, som driv eit viktig scenekunstarbeid for barn og unge.

Teateret har ordningar for gratisbillettar for følgje til publikummarar med funksjonsnedsettingar. Vi tilbyr høyrehjelp for høyrslehemma og gjorde tekniske forbetringar i dette anlegget på Hovudscenen i 2022. Bygget er generelt tilrettelagt med omsyn til universell utforming, og ved vedlikehald og ombygging strevar vi etter ytterlegare å styrke denne.

Teateret hadde ved utgangen av 2024, 233 fast tilsette og i åremål, 115 menn og 118 kvinner. Dette utgjer 201 årsverk. Av desse er 42 tilsette i deltidsstillingar. Ved utgangen av 2023 var det 239 faste tilsette og i åremål, 122 kvinner og 117 menn. Desse utgjorde 217 årsverk.

Styret har 4 kvinnelege og 3 mannlege medlemmer.

Styret viser elles til den årlege rapporten for arbeidet med likestilling og mangfald ved Det Norske Teatret etter krava verksemda er pålagt frå 2020 gjennom likestillings- og diskrimineringslova. Rapporten vil bli offentleggjort i verksemda sin årsrapport.

Det Norske Teatret sin tredje rapport etter den nye openheitslova som tredde i kraft 1. juli 2022 blir publisert på teateret sine nettsider i juni 2025. Rapporten skal innfri retten alle etter openheitslova har til å få informasjon om korleis ei større verksemd utfører aktsemdsvurderingar for å stanse, førebyggje og avgrense negative konsekvensar for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

## Føremål

L/L Det Norsk Teatret er eit allmennyttig aksjeselskap som har til føremål å vise teaterstykke på norsk mål i bygd og by. Det Norske Teatret driv verksemda frå eigne lokale i Kristian IVs gate 8 i Oslo.
Det Norske Teatret er eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søkjer for refleksjon, oppleving og underhaldning. Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

**Arbeidsmiljø**
Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt og at kjensla av fellesskap er eit av teateret sine særmerke og aktivum. Med økonomiske utfordringar og endringar i leiinga, har 2024 vore krevjande, men det har vore jobba for å oppretthalde det gode arbeidsmiljøet. Det er eit godt samarbeid mellom dei tillitsvalde og leiinga ved teateret, med møte om lag kvar månad og når det elles er behov. HMT-spørsmål har stått høgt på agendaen både i desse møta, i møta i leiinga, i avdelingar og i produksjonar.

Drifta ved teateret inneber aktivitetar som kan medføre risiko knytt til arbeidsmiljø. Det er difor tett oppfølging av arbeidsmiljø og eventuelle hendingar i teateret. Vi har i 2024 inngått avtale med ei ny bedriftshelseteneste og tilsette har låg terskel for å ta kontakt med denne. Det har i 2024 vore registrert hendingar der tilsette har vorte skadde. Totalt er det registrert 25 skadar på tilsette. Dei tilsette det gjeld har fått oppfølging. Sjukefråværet i verksemda har i 2024 vore på låge 3,8 %. Sjukefråværet er ein kombinasjon av kort- og langtidssjukefråvær.

Teateret driv eit systematisk førebyggjande arbeid mot trakassering og har etiske retningsliner som gjeld alle som er i arbeid på teateret, også eksternt engasjerte. Teateret har varslingsrutinar og har lagt stor vekt på at det skal vere trygt å varsle.

**Risikostyring**
Teateret har gode rutinar og system for handsaming av helse, miljø og tryggleik (HMT) og risiko i arbeidsmiljøet. Desse rutinane blir regelmessig evaluerte og forbetra. Teateret har ein heilskapleg beredskapsplan og har gjennomført kurs.

Dei største risikoområda økonomisk er knytt til endringar i tilskot, svikt i billettsal, auke i vedlikehaldskostnadar og uføresette hendingar med bygnaden som krev tiltak.

Teaterdrifta har ikkje vesentleg finansiell risiko elles. Som andre verksemder påverkar likevel forhold som kronekurs, prisvekst og lønsutvikling teateret sin økonomi.

Teateret driv i liten grad verksemd der vi har uteståande krav mot kundar. Eigeninntektene kjem hovudsakleg frå førehandsbetalte billettar.

Teateret har ein kassakreditt med ramme på 30 millionar kroner og gjer jamleg bruk av denne. I januar 2025 er denne ramma redusert til 20 millionar.

Styret har ansvarsforsikring.

**Eit grønare teater**
Det Norske Teatret arbeider systematisk med berekraft og er sertifisert Miljøfyrtårn. Dette medfører mellom anna at teateret stiller meir systematiske krav til dokumentert berekraftsinnsats hos samarbeidspartnarar. Gjennom den europeiske teaterorganisasjonen ETC er Det Norske Teatret eit av ni europeiske teater som testar ut berekraftsrettleiinga Theatre Green Book. Grønboka er laga av teaterfolk og berekraftsekspertar og gir praktiske rettleiingar for å gjere teaterproduksjonar, -hus og -drift meir berekraftige. Som ETC-medlem har Det Norske Teatret forplikta seg til å bli klimanøytrale innan 2030. Det Norske Teatret har også brukt dei europeiske nettverka våre til å dele denne kunnskapen med andre norske teater. Det Norske Teatret fører ein klimarekneskap etter Miljøfyrtårn-standard. Klimarekneskapen for 2024 blir presentert i årsrapporten til verksemda.

**Grunnlag for vidare drift**
Det Norske Teatret gjer opp rekneskapen med eit overskot på 11,5 millionar etter skatt. Overskotet bidreg til ei betydeleg styrking av eigenkapitalen. Ved fastsetting av rekneskap for 2023 sette styret i verk ein plan for å rette opp i eigenkapitalen. Planen må seiast å ha lukkast, når vi ser på årets resultat.

Verksemda har også bokført 31,9 millionar kroner i reduserte pensjonsskyldnader mot eigenkapitalen i 2024. Dette bidreg totalt sett til at vi har oppretta ein forsvarleg eigenkapital på 31 millonar kroner.

Trass i eit betydeleg overskot har verksemda slite med anstrengd likviditet gjennom 2024. Utviklinga i likviditeten er som det kjem fram av kontantstraumoppstillinga, dels forklart av reduksjon i gjeld og auke i fordringar. Teateret driv ei verksemd som i stor grad får kostnadar og inntekter på forskot. Den anstrengde likviditeten skuldast også at det som følgje av store underskot tidlegare år ikkje er bygd opp nokre finansielle reservar.

Det viktigaste tiltaket for å styrke likviditeten er å oppretthalde overskot i drifta. I tillegg gjer verksemda vurderingar av finansieringa. Det er arbeidd med å styrke styringa av kostnadar, og dette arbeidet held fram.

Gjennom ein ytterlegare auke i løyvingane til teateret for 2025, ser situasjonen for verksemda betre ut. Sidan vi tidlegare år har hatt betydelege underskot krevst det likevel stram styring med likviditet og kostnadar. Verksemda jobbar difor med laupande oppfølging av likviditeten. Framskrivingar viser at det vil vere tilstrekkeleg likviditet til å drifte verksemda fram i tid.

Styret stadfestar at føresetnader for vidare drift er til stades og er lagt til grunn for rekneskapen, og at rekneskapen gjev eit rett bilde av resultat og stilling per 31.12.2024.

Det Norske Teatret har som følgje av eigenkapitalsituasjonen ved utgangen av 2023, levert ekstraordinær rapportering til Kultur- og likestillingsdepartementet. Vi har her rapportert på planar og tiltak som er gjennomførte og meiner å kunne vise til at vi har lukkast i å snu den økonomiske situasjonen frå 2023.

**Årsresultat og disponering**
Styret føreslår at overskotet på kr. 11 512 664 blir disponert mot annan eigenkapital. •

Oslo, 24.02.2025
I styret for L/L Det Norske Teatret

**Hilde Johanne Barstad**
Styreleiar

**Steinulf Tungesvik**
Nestleiar

**Magni Hjertenes Flyum**

**Åshild Mjelde Nordås**

**Loveleen Rihel Brenna**

**Martin Alexander Korsvik Revheim**

**Geir Sundberg Kvarme**

**Kjersti Horn**
Dagleg leiar

**Irene Halvorsen**
Direktør

# RESULTATREKNESKAP

(tal i NOK 1000)

| | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **Teaterdrifta** | | | |
| Eigne inntekter | *1* | 62 564 | 66 381 |
| Tilskot | *2* | 226 032 | 208 297 |
| **Sum driftsinntekt** | | **288 595** | **274 678** |
| | | | |
| Varekjøp | | 8 439 | 14 194 |
| Kostnader v/arbeidskraft | *3, 4* | 206 004 | 214 372 |
| Avskriving teaterbygg | *5* | 1 073 | 1 073 |
| Ordinære avskrivingar | *6* | 12 418 | 14 744 |
| Andre driftskostnader | *6, 7* | 48 015 | 51 193 |
| **Sum driftskostnad** | | **275 949** | **295 575** |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | **12 646** | **– 20 898** |
| | | | |
| **Finansresultat** | | | |
| Renteinntekter | | 1 419 | 1 205 |
| Rentekostnader | | – 1 445 | – 1 556 |
| **Finansresultat** | | **26** | **351** |
| | | | |
| **Resultat før skattekostnader** | | **12 620** | **– 21 249** |
| Skattekostnad | *8* | 1 107 | 928 |
| **Årsresultat** | *9* | **11 513** | **– 22 176** |
| | | | |
| **Disponering av årsresultatet** | | | |
| Årets resultat til opptent eigenkapital | | 11 513 | – 22 176 |
| **Sum disponert** | | **– 11 513** | **22 176** |

# BALANSE PR. 31.12

(tal i NOK 1000)

| | *Note* | **2024** | **2023** |
|---|---|---|---|
| **Eigedelar** | | | |
| **Anleggsmiddel** | | | |
| **Immaterielle eigedelar** | | | |
| Utsett skattefordel | *8* | 1 970 | 1 854 |
| **Sum immatrielle eigedelar** | | **1 970** | **1 854** |
| | | | |
| **Finansielle driftsmidlar** | | | |
| Lån til staten | | 22 200 | 22 200 |
| Investeringar | *10* | 35 | 35 |
| **Sum finansielle driftsmidlar** | | **22 235** | **22 235** |
| | | | |
| **Varige driftsmiddel** | | | |
| Teaterhuset | *5* | 7 281 | 8 355 |
| Bygningar, tomter | *5* | 9 007 | 9 007 |
| Teknisk utstyr, inventar o.a. | *6* | 64 119 | 67 133 |
| **Sum varige driftsmiddel** | | **80 408** | **84 495** |
| **Sum anleggsmiddel** | | **104 614** | **108 585** |
| | | | |
| **Omlaupsmidlar** | | | |
| **Fordringar** | | | |
| Varelager | *11* | 503 | 670 |
| Forskot forfattarhonorar | | 2 116 | 204 |
| Andre fordringar inkl. tilsette | | 8 731 | 4 103 |
| **Sum fordringar** | | **11 350** | **4 978** |
| | | | |
| **Forskotsbetalte framsyningskostnader** | *12* | **6 057** | **4 613** |
| | | | |
| **Bank og kasse** | *13* | **6 781** | **7 707** |
| | | | |
| **Sum omlaupsmidlar** | | **24 188** | **17 298** |
| | | | |
| **Sum eigedelar** | | **128 801** | **125 882** |

# BALANSE PR. 31.12

(tal i NOK 1000)

| | Note | 2024 | 2023 |
|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **Eigenkapital** | | | |
| **Innskoten eigenkapital** | | | |
| Lutmidlar (12.272 luter à kr. 400.–) | *14* | 4 909 | 4 909 |
| Tilskot frå staten | *9* | 22 200 | 6 335 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **27 109** | **11 244** |
| | | | |
| **Opptent eigenkapital** | | | |
| Annan eigenkapital | *9* | 4 708 | – 22 803 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | **4 708** | **3 367** |
| | | | |
| **Sum eigenkapital** | | **31 817** | **– 11 560** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| | | | |
| Pensjonsplikter | *4* | 4 911 | 41 817 |
| Uopptent inntekt | *17* | 3 698 | 0 |
| **Sum avsetjing for plikter** | | **8 610** | **41 817** |
| | | | |
| **Anna langsiktig gjeld** | | | |
| Pantelån | *15* | 7 125 | 8 625 |
| **Sum anna langsiktig gjeld** | | **7 125** | **8 625** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørar | | 9 981 | 8 588 |
| Kassakreditt | *15* | 26 499 | 25 621 |
| Betalbar skatt, ikkje utlikna | *8* | 1 223 | 1 036 |
| Skuldig offentlege avgifter | | 13 723 | 15 350 |
| Forskotsinnbetalt for billettar | | 6 566 | 11 067 |
| Anna kortsiktig gjeld inkl. feriepengar | | 23 257 | 25 339 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **81 249** | **87 000** |
| **Sum gjeld** | | **96 984** | **137 442** |
| | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **128 801** | **125 882** |

Oslo, 24.02.2025
I styret for L/L Det Norske Teatret

**Hilde Johanne Barstad**
Styreleiar

**Steinulf Tungesvik**
Nestleiar

**Magni Hjertenes Flyum**

**Åshild Mjelde Nordås**

**Loveleen Rihel Brenna**

**Martin Alexander Korsvik Revheim**

**Geir Sundberg Kvarme**

**Kjersti Horn**
Dagleg leiar

**Irene Halvorsen**
Direktør









Bilde frå *Hedda Gabler* på Hovudscenen.

# NOTAR

**REKNESKAPSPRINSIPP**
Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med føresegner i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

**INNTEKTER**
Inntekter ved billettsal er verkeleg verdi, etter ev. frådrag for student-/honnørrabattar.

Inntekter blir resultatførte først etter kvar einskild framsyning. Tenester blir inntektsførte i takt med utføringa. Inntektsført driftstilskot er lik tilskotsbrev frå staten.

**KLASSIFISERING OG VURDERINGAR AV BALANSEPOSTANE**
Omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år, og postar som er knytte til varekrinslaupet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omlaupsmidlar er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er mellombels. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

**FORDRINGAR**
Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje avsett noko til eventuelle tap pr. 31.12.

**VARIGE DRIFTSMIDDEL**
Tomta vart ikkje avskriven. Teaterbygget vart skrive ned i takt med avdrag på langsiktig lån knytt til bygget, heile lånet var ferdig nedbetalt 30.04.2015. Frå 01.05.2015 nyttar ein lineær avskriving som prinsipp.

Andre varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært til restverdi over attverande avskrivingstid. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført jamleg som driftskostnader.

**LEIGEFINANSIERING**
Alle leigefinansierte kontraktar (bortsett frå korte kontraktar og mindre leigefinansierte eigedelar) blir balanseførte som eigedelar med bruksrett, og som ei gjeld. Kontraktar blir førte til innkjøpspris med frådrag for avskrivingar som blir berekna etter annuitetsmetoden.

**PENSJON**
Den balanseførte forpliktinga er noverdi av dei definerte ytingane minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsforpliktinga blir utrekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode. Etter prinsippendring med start frå 01.01.15 blir endringane i forpliktingane, som følgje av estimatavvik, bokførte direkte over resultatet i det året dei oppstår (NRS 6). Frå 2021 har teateret endra rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon og nytta moglegheita til å anvende målereglane og reglane om resultatspesifikasjon i IAS 19. Det same gjeld for usikra ordning for servicepensjon. Som følgje av dette vil estimatendringar bli førte mot eigenkapitalen, og ikkje over resultat.

Arbeidsgjevaravgifta blir kostnadsført basert på innbetalt pensjonspremie for sikrande (kollektive) pensjonsordningar. Innskotsbasert pensjonsordning blir kostnadsført basert på berekna årleg premie.

**VALUTA**
Transaksjonar i valuta blir bokført laupande til gjeldande kurs. Kursgevinst og kurstap knytt til transaksjonar i utanlandsk valuta blir ført som renteinntekt og rentekostnad.

**KONTANTSTRAUMOPPSTILLING**
Kontantstraumoppstilling blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som straks og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med resterande laupetid mindre enn tre månader frå den datoen dei er innkjøpte.

**SKATT**
Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Isolert frå drifta ved teateret blir det drive utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatt som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt blir rekna ut med aktuell skattesats på grunnlag av dei skilnadene som finst førebels mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, forutan eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteauken og skattereduserande førebelse skilnader som blir reverserte, eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, blir grunngjeven med forventa framtidig inntening. Utsett skatt og utsett skattefordel som kan balanseførast, blir oppført netto i balansen.

Utsett skatt blir rekneskapsført til nominelt beløp.

**AKTIVERTE FRAMSYNINGSKOSTNADER**
Sjå note 12 for kommentar.

| **Note 1 – Eigne inntekter (tal i NOK 1000)** | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| Billettsal: Hovudscenen | 35 985 | 40 495 |
| Billettsal: Scene 2 | 8 396 | 7 627 |
| Billettsal: Scene 3 | 1 201 | 908 |
| Billettsal: Rommen scene | 509 | 736 |
| Billettsal: Andre scenar | 534 | 564 |
| Billettsal: Direktestrøyming | 27 | 242 |
| Programsal | 137 | 478 |
| Sponsorinntekt | 2 500 | 1 600 |
| Gåver | 150 | 428 |
| Leigeinntekter | 7 762 | 8 198 |
| Andre inntekter | 5 363 | 5 104 |
| **Sum eigne inntekter** | **62 564** | **66 381** |

| **Note 2 – Tilskot (tal i NOK 1000)** | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| Statstilskot | 216 890 | 204 235 |
| Ekstra statstilskot | 9 000 | 3 610 |
| Andre tilskot, inkl. tilskot frå ENOVA Straum | 0 | 315 |
| Tilskot til fagopplæring | 142 | 137 |
| **Totalt** | **226 032** | **208 297** |

| **Note 3 – Kostnad v/arbeidskraft (tal i NOK 1000)** | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| Løn | 156 412 | 162 481 |
| Arbeidsgjevaravgift | 24 955 | 25 043 |
| Honorar | 10 196 | 11 515 |
| Pensjonskostnader | 14 440 | 15 333 |
| **Sum** | **206 004** | **214 372** |

**Godtgjersle til leiande tilsette:**

**Teatersjef:** Løn 1 201 | Pensjonskostnader 18 | Anna godtgjersle 6

**Styret:** 335

Frå 1. januar 2025 er det tilsett ny teatersjef i verksemda. Teatersjefen tener opp to månaders etterløn for kvart år ho er tilsett ved teateret, avgrensa oppetter til eitt år. Tidlegare teatersjef fråtredde 31.12.2024 og får etterløn i tråd med avtale beskrive over gjennom 2025.

Det er ikkje gjeve lån til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærståande partar.

Det er ingen einskilde lån/garantiar som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

I posten pensjonskostnader inngår betalt pensjonspremie trekt frå for delen til dei tilsette og endringar i pensjonsplikter. Arbeidsgjevaravgift av pensjonane er ført i posten arbeidsgjevaravgift.

| | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| Garantiansvar for tilsette | 0 | 0 |

Teatret hadde ved utgangen av rekneskapsåret 233 fast tilsette og tilsette på åremål.
Av dette var 42 deltidsstillingar. Dette utgjer 201 årsverk.

## Note 4 - Pensjonar

Teateret pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og har pensjonsordning som oppfyller krava etter lova.

**Sikra pensjonsplikter:**
Teateret har ei ytingsbasert ordning som er stengd for fleire innmeldingar og opptening av lønsjustering og rettar frå 01.07.2016, og ei innskotsordning som omfattar alle tilsette for perioden etter denne datoen. 01.12.2022 vart det innført ei ny kollektiv ordning i tillegg til innskotsordninga. Den ytingsbaserte ordninga gjev rett til opptent del av definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av full opptening, lønsnivå pr. 30.06.2016 og størrelse på ytingane frå Folketrygda. Pensjonsavtalen vart ved stenging også overført frå DnB Livsforsikring ASA til KLP. Nedskriving av eigenkapitalinnskot i KLP på tkr 5.050 er tilbakeført i 2020 då pensjonsavtalen vart overført til Storebrand 1.1.2021 og eigenkapitalinnskotet i KLP vart betalt tilbake.

Teateret vedtok i 2021 å endre rekneskapsprinsipp for ytingsbasert pensjon og nytte moglegheita til å anvende målereglane og reglane om resultatspesifikasjon i IAS 19. Det same gjeld for usikra ordning for servicepensjon. Som følgje av dette vil estimatendringar bli førte mot eigenkapitalen, og ikkje over resultat. Totalt estimatavvik ført mot eigenkapitalen i 2024 utgjer tnok 31 864 (sjå note 8).

Det er totalt 651 i den lukka ordninga, av dei er 487 utmelde med rettar.

I tariffoppgjeret for 2016 var det avtalt ei mellombels ordning med innskotspensjon for dei tilsette i teater- og orkesterverksemder tilslutta Spekter som arbeidsgjevarforeining. Som ei følgje av dette starta teateret opp ei innskotsbasert pensjonsordning via Sparebank 1 Forsikring AS. LO og Spekter forhandla gjennom hausten 2021, og vart einige om å innføre livslange og kjønnsnøytrale pensjonsytingar i kultursektoren frå 1. april 2022. Dette vart utsett til 1. desember same år, og teateret har frå då av to kollektive parallelle pensjonsordningar, ei innskotsordning tilsvarande den som vart oppretta i 2016 og ei ny hybridordning. Storebrand er leverandør for hybridordninga, og innskotsordninga vart flytta frå Sparebank 1 til Gjensidige 1. februar 2023.

Dei to alternative pensjonsordningane blir vurderte å vere nesten likeverdige, men ordningane har noko ulike innretningar og eigenskapar. AFP, uføre- og etterlattepensjon er like i innskotspensjon og hybridpensjon.

I hybridordninga er utbetalinga livslang. Det blir derfor avsett noko meir til pensjon for kvinner, ved at det blir betalt eit kvinnetillegg på toppen av det ordinære innskotet sidan kvinner lever i gjennomsnitt lenger enn menn. I tillegg betaler arbeidsgjevar administrasjonskostnader for tilsette som sluttar og får pensjonsbevis. Lønstrekket i hybridordninga er derfor noko høgare enn i innskotsordninga. Innskotsordninga er opphøyrande, og må minst takast ut over 10 år. I innskotsordninga kan arbeidstakarane spare opp pensjonskapital frå ulike arbeidsgjevarar på Eigen Pensjonskonto, noko som ikkje er mogleg i hybridordninga pr. i dag.

Frå og med 2004 er tilleggspensjonar til teatersjefar/direktørar samordna med kollektivordninga gjennom ein avtale om kollektiv livrente.

**Usikra pensjonsplikter:**
Selskapet har også ei avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP). Denne er å rekne som ei ytingsbasert fleirføretaksordning, men rekneskapsført som ei innskotsordning fram til det ligg føre påliteleg og tilstrekkeleg informasjon, slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proporsjonale del av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet sine forpliktingar er dermed ikkje balanseførte som gjeld. Like eins har vi ein avtale om pensjon til ein dansar frå fylte 48 år og fram til fylte 67 år og gåvepensjon til teatersjefar og tilsette som var pensjonistar før pensjonsordninga til alle tilsette tredde i kraft.

| **Resultatrekneskapen** *(tal i NOK 1000)* | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| Administrasjonskostnader | 447 | 0 |
| Rentekostnader av pensjonsplikter | 1 206 | 1 025 |
| **Brutto pensjonskostnad, sikra pensjonsordning** | **1 654** | **1 025** |
| Avkastning på pensjonsmidlar | 0 | 0 |
| Resultatavvik og planendringar | 0 | 0 |
| Arbeidsgjevaravgift | 0 | 0 |
| **Resultatført pensjonskostnad før tilskot frå tilsette** | **1 654** | **1 025** |
| Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift | – 6 493 | 0 |
| Estimatavvik ført mot eigenkapital | – 31 918 | 3 716 |
| **Endring av netto pensjonsplikter i balansen, sikra pensjonsordning** | **– 36 758** | **4 741** |

**Usikra servicepensjon:**
**Pensjonskostnad**

| | | |
|---|---|---|
| Rentekostnader av pensjonsplikter | 86 | 80 |
| Sum pensjonskostnad usikra pensjonsordning | 86 | 80 |
| Betalt premie inkl. arbeidsgjevaravgift | – 288 | – 269 |
| Estimatavvik ført mot eigenkapital | 54 | 277 |
| Endring av netto pensjonsplikter i balansen, usikra pensjonsordning | – 148 | – 89 |

**Balansepostar** (tal i NOK 1000)

| | | |
|---|---|---|
| **Usikre pensjonsplikter:** | | |
| Pensjonsplikter (brutto) | 2 756 | 2 668 |
| Periodevis arbeidsgjevaravgift | 0 | 236 |
| **Netto usikre pensjonsplikter** | **2 756** | **2 904** |
| **Sikra pensjonsplikter (kollektiv ytingspensjon):** | | |
| Pensjonsplikter (brutto) | 247 156 | 264 734 |
| Pensjonsmidlar (marknadsverdi) | – 245 802 | – 230 630 |
| Pensjonsplikter (netto) før arbeidsgjevaravgift | **1 353** | **34 104** |
| Arbeidsgjevaravgift av premiefondsmidlar | 802 | 4 809 |
| **Netto sikra pensjonsplikter** | **2 156** | **38 913** |
| **Usikra pensjonsplikter** | **2 756** | **2 904** |
| **Sum** | **4 911** | **41 817** |

| **Økonomiske føresetnader:** | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| Avkastning på pensjonsmidlar | 3,90 % | 3,10 % |
| Diskonteringsrente | 3,90 % | 3,00 % |
| Årleg lønsvekst | 4,00 % | 3,25 % |
| Årleg G-regulering | 3,75 % | 3,25 % |
| Årleg regulering av pensjonar under utbetaling | 2,25 % | 2,80 % |
| Arbeidsgjevaravgift sats | 14,10 % | 14,10 % |

| Note 5 – Teaterhuset/tomteverdi (tal i NOK 1000) | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| **Teaterhuset (der utleigedelen inngår) Gnr./bnr. 0301-209/169** | | |
| Kostpris ved fusjon 1986 | 487 302 | 487 302 |
| Nedskrive med tilskot | 424 625 | 424 625 |
| Akkumulerte avskrivingar pr. 31.12. | 45 314 | 44 241 |
| **Bokført verdi pr. 31.12.** | **16 289** | **17 362** |
| Avskrivingar dette året | 1 073 | 1 073 |

I 1986 vart AS DNT-bygget fusjonert med LL Det Norske Teatret og teaterhuset var då balanseført med kr 478 295 000 og tomta med kr 9 007 223. Av teaterhuset var det kr 51 858 216 som høyrde til den delen som er leigd ut. Bygget var blant anna finansiert gjennom eit statleg lån på kr 424 625 000. Dette lånet vart ettergjeve av staten i 1999, og bygget vart då nedskrive med verdien på lånet.

Pr. 31.12. kan den bokførte verdien til teaterhuset fordelast slik:

| (tal i NOK 1000) | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Del til eiga disponering | 1 497 | 1 498 |
| Del utleige | 5 784 | 6 857 |
| **Sum** | **7 281** | **8 355** |

| Note 6 – Teknisk utstyr, inventar (tal i NOK 1000) | Varige driftsmiddel | Varer i arbeid |
|---|---|---|
| Innkjøpskost 01.01.2024 | 225 843 | 1 720 |
| Tilgangar | 9 505 | 0 |
| Avgangar | 0 | 101 |
| Innkjøpskost 31.12.2023 | 235 348 | 1 619 |
| Akkumulerte avskrivingar 31.12. | 172 848 | 0 |
| **Balanseført verdi per 31.12.2022** | **62 500** | **1 619** |
| | | |
| Avskrivingar i år | 12 418 | 0 |

Det Norske Teatret gjekk i 2023 igjennom alle større anskaffingar i anleggsregisteret. Revurderinga resulterte i noko lengre avskrivingstid på investeringar og derigjennom noko lågare avskrivingar på eksisterande avskrivingar. Endringa hadde effekt i rekneskapen for 2023 og 2024. Dei samla investeringane i 2024 er noko lågare enn i 2024 og difor er også avskrivingane reduserte.

Det blir nytta lineære avskrivingar for alle varige driftsmiddel. Den økonomiske levetida er rekna til:

| | |
|---|---|
| Transportmiddel, inventar og maskinar | 5 - 10 år |
| Datautstyr | 3 - 5 år |
| Teknisk utstyr | 10 - 30 år |
| Kontorutstyr | 3 - 5 år |
| Andre driftsmiddel | 3 - 5 år |

| Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmiddel: (tal i NOK 1000) | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Den Norske Opera og Ballett | 255 | 250 |
| Kontormaskiner | 183 | 88 |

| Note 7 – Andre driftskostnader | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Kostnader v/lokale | 7 617 | 8 817 |
| Reparasjon og vedlikehald | 8 892 | 8 920 |
| Marknads-/info.-kostnader | 6 710 | 7 095 |
| Forfattarhonorar | 9 076 | 8 791 |
| Andre driftskostnader | 15 720 | 17 570 |
| **Sum** | **48 015** | **51 193** |

| Revisor | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Revisjonshonorar, inkl. mva. | 454 | 396 |
| Skatterådgjeving, inkl. mva. | 89 | 81 |
| **Sum** | **543** | **421** |

## Note 8 – Skattekostnad

Teateret er ein skattefri institusjon etter skattelova § 2-32 første ledd. Samtidig driv teateret med utleige av kontorlokale og parkeringsplassar. Inntekter frå desse økonomiske verksemdene blir vurderte som skattepliktig verksemd.

| Berekning av utsett skattefordel (tal i NOK 1000) | 2024 | 2023 | Endring |
|---|---|---|---|
| Bygning | –8 956 | –8 429 | 527 |
| Netto mellombelse skilnader | –8 956 | –8 429 | 527 |
| | | | |
| **Grunnlag for utsett skattefordel** | **– 8 956** | **–8 429** | **527** |
| | | | |
| Utsett skattefordel (22%) | –1 970 | –1 854 | 116 |

| Grunnlag for skattekostnad, endring i utsett skatt og betalbar skatt. | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Resultat før skatt for skattepliktig verksemd | 5 034 | 4 217 |
| Resultat frå teaterverksemd | 5 034 | 4 217 |
| Endring i mellombelse resultatforskjellar | 527 | 492 |
| **Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt i balansen)** | **5 561** | **4 710** |
| | | |
| **Fordeling av skattekostnaden** | | |
| Betalbar skatt | 1 223 | 1 036 |
| Endring i utsett skattefordel | –116 | –108 |
| **Skattekostnad** | **1 107** | **928** |
| | | |
| **Avstemming av skattekostnaden i år** | | |
| Resultat frå skattepliktig verksemd | 5 034 | 4 217 |
| Berekna skatt 22 % | 1 107 | 928 |
| Skattekostnad i resultatrekneskapen | 1 107 | 928 |
| Differanse | 0 | 0 |
| | | |
| **Betalbar skatt i balansen** | | |
| Betalbar skatt i skattekostnaden | 1 223 | 1 036 |
| **Betalbar skatt i balansen** | **1 223** | **1 036** |

### Note 9 – Eigenkapital (tal i NOK 1000)

| | Lutmidel | Tilskot frå staten | Annan EK | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Eigenkapital 01.01.2024 | 4 909 | 22 200 | –38 669 | –11 560 |
| Årets resultat | | | 11 513 | 11 513 |
| Pensjon mot eigenkapital | | | 31 864 | 31 864 |
| **Eigenkapital 31.12.2024** | **4 909** | **22 200** | **4 708** | **31 817** |

### Note 10 – Investeringar

| Selskapets namn | Eierandel | Bokført verdi |
|---|---|---|
| Nynorsk Teaterforlag AS | 51% | 15 |
| Den mangfaldige scenen AS | 33,3% | 20 |
| **Sum investeringar** | | **35** |

### Note 11 – Varer (tal i NOK 1000)

| | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Varelager | 503 | 670 |
| **Sum** | **503** | **670** |

Varer blir vurderte til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Det er ingen ukurante varer i 2023 og 2024.

### Note 12 – Aktiverte framsyningskostnader

Kostnader knytt til produksjonar med premiere etter årsslutt er aktiverte. Aktiveringa gjeld variable kostnader ut over fast løn.

### Note 13 Bundne bankinnskot, trekkrettar

| Bundne bankinnskot | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| Skattetrekkskonto | 6 767 | 7 693 |

### Note 14 – Lutmidel og informasjon om luteigarane (tal i kr 1000)

| | Pålydande | Bokført |
|---|---|---|
| 12 272 Luter (ikkje registrerte i VPS) | 400 | 4 909 |
| LL Det Norske Teatret har 4 975 luteigarar pr. 31.12.24. Alle lutene gjev same rett i selskapet. | | |

| Oversikt over dei største luteigarane pr. 31.12.2024 | Sum | Eigardel |
|---|---|---|
| BUL Oslo | 1 353 | 11,03 % |
| Haugesund mållag og ungdomslag | 481 | 3,92 % |
| Venner av Det Norske Teatret | 274 | 2,23 % |
| Mållaget i Kristiansand | 166 | 1,35 % |
| Gjensidige Skade | 130 | 1,06 % |
| Sum | 2 404 | 19,59 % |
| Andre (eigardel < 1 %) | 9 868 | 80,41 % |
| Totalt | 12 272 | 100,00 % |

Oversikt over luter til styremedlemmer, varamedlemmer, teatersjef og direktør. Dei eig til saman 11 luter i Det Norske Teatret. Desse fordeler seg slik: Erik Ulfsby, Steinulf Tungesvik, Magni Hjertenes Flyum, Åshild Mjelde Nordås, Irene Halvorsen, Heidi Gjermundsen Broch, Inger Johanne Sæterbakk, Paul Ottar Haga, Anders Hasmo, Elisabeth Kristine Hermansen og Siren Høyland Sæter.

Lån til staten:
Staten har gjeve eit eigenkapitaltilskot som dekkjer delar av den eigenkapitalreduksjonen som teateret fekk den gongen pensjonsplikter vart innarbeidde. I balansen er dette beløpet klassifisert som annan innskoten eigenkapital. I 2024 er det motteke renter på tkr 717.

**Note 15 Pantstillingar og garantiansvar**

| **Gjeld som er sikra ved pant o.l** | **2024** | **2023** |
|---|---|---|
| Gjeld til kredittinstitusjoner | – 7 125 | –8 625 |
| **Sum** | **– 7 125** | **–8 625** |

Det Norske Teatret hadde pr. 31.12.2024 pantegjeldslån på 7,125 mill. kr i DNB Bank ASA. Teateret har ei kredittramme på 30 mill. kr. Teatrets kredittramme er etter balansedagen redusert til 20 mill. kr. Som trygd for pantegjeld i DNB Bank ASA 7,125 mill. kr er det tinglyst pantobligasjonar i teaterhuset på 40 mill. kr. Vidare har staten og Oslo kommune saman tinglyst ein pantobligasjon på 857 mill. kr til trygd for tilskotet i teaterhuset inkludert ein eventuell verdiauke (staten 591 mill. kr og Oslo kommune 266 mill. kr). Dette ansvaret blir aktuelt dersom teaterverksemda i bygningen ikkje blir driven i samsvar med gjeldande vedtekter i LL Det Norske Teatret.

**Note 16 Føresetnad for vidare drift**
Det Norske Teatret gjer opp rekneskapen med eit overskot på MNOK 11,5 etter skatt. Overskotet bidreg til ei betydeleg styrking av eigenkapitalen. Ved fastsetting av rekneskap for 2023 sette styret i verk ein plan for å rette opp i eigenkapitalen. Planen må seiast å ha lukkast, når vi ser på årets resultat. Verksemda har også bokført MNOK 31,9 kroner i reduserte pensjonsskyldnader mot eigenkapitalen i 2024. Dette bidreg totalt sett til at vi har gjenoppretta ein forsvarleg eigenkapital på MNOK 31,8.

Trass i eit betydeleg overskot har verksemda slite med anstrengd likviditet gjennom 2024. Utviklinga i likviditeten er som det kjem fram av kontantstraumoppstillinga, dels forklart av reduksjon i gjeld og auke i fordringar. Teateret driv ei verksemd som i stor grad får kostnadar og inntekter på forskot. Den anstrengde likviditeten skuldast også at det som følgje av store underskot tidlegare år, ikkje er bygd opp nokre finansielle reservar.

Det viktigaste tiltaket for å styrke likviditeten er å oppretthalde overskot i drifta. I tillegg gjer verksemda vurderingar av finansieringa. Det er arbeidd med å styrke styringa av kostnadar, og dette arbeidet held fram. Gjennom ein ytterlegare auke i løyvingane til teateret for 2025, ser situasjonen for verksemda betre ut. Sidan vi tidlegare år har hatt betydelege underskot krevst det likevel stram styring med likviditet og kostnadar. Verksemda jobbar difor med laupande oppfølging av likviditeten. Framskrivingar viser at det vil vere tilstrekkeleg likviditet til å drifte verksemda fram i tid.

Styret stadfestar at føresetnader for vidare drift er til stades og er lagt til grunn for rekneskapen, og at rekneskapen gjev eit rett bilde av resultat og stilling per 31.12.2024. Det Norske Teatret har som følgje av eigenkapitalsituasjonen ved utgangen av 2023, levert ekstraordinær rapportering til Kultur- og likestillingsdepartementet. Vi har her rapportert på planar og tiltak som er gjennomførte og meiner å kunne vise til at vi har lukkast i å snu den økonomiske situasjonen frå 2023.

**Note 17 ENØK-tilskot**
Det Norske Teatret har fått innvilga 3,7 millionar kroner i ENØK-tilskot knytt til investeringar i energieffektiviserande tiltak. Det er motteke MNOK 3,4 i januar 2025. Tilskotet er bokført som uopptent inntekt i balansen og vil frå 2025 bli inntektsført i takt med kostnadsføring av avskrivingar knytte til aktiverte investeringar.

# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

(tal i NOK 1000)

| | 2024 | 2023 |
|---|---|---|
| **Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar** | | |
| Resultat før skattekostnad | 12 620 | – 21 249 |
| | | |
| Betalt skatt i perioden | – 1 036 | – 485 |
| Ordinære avskrivingar | 13 491 | 15 817 |
| Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar | – 5 042 | 837 |
| Endring i varelager | 166 | – 261 |
| Endring i forskot kundar | – 4 501 | 3 514 |
| Endring i leverandørgjeld | 1 393 | 1 601 |
| Endring i andre tidsavgrensingspostar | – 7 991 | 3 987 |
| **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **9 100** | **3 762** |
| | | |
| **Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar** | | |
| Utbetalt ved kjøp av varige driftsmiddel | –9 505 | –11 401 |
| Utbetalinger ved kjøp av aksjar, obligas. / konsernbidrag til DS | | –15 |
| **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | **– 9 404** | **–11 416** |
| | | |
| **Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar** | | |
| Endring i kassekreditt | 878 | 10 269 |
| Endring i langsiktig gjeld | –1 500 | –1 500 |
| **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | **– 622** | **8 769** |
| | | |
| **Netto kontantstraum for perioden** | – 926 | 1 114 |
| Kontantar og kontantekvivalentar i byrjinga av perioden | 7 707 | 6 593 |
| **Kontantar og kontantekvivalentar i slutten av perioden** | **6 781** | **7 707** |
| | | |
| **Denne består av:** | | |
| Bankinnskot | 6 767 | 7 693 |
| Kontantar | 14 | 14 |

Til generalforsamlinga i LL Det Norske Teatret

# Melding frå uavhengig revisor

## Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for LL Det Norske Teatret som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

## Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

## Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga, som vi innhenta før datoen for denne revisjonsmeldinga, annan informasjon, som vi forventar vert tilgjengeleg for oss etter denne datoen. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon som vi har innhenta før datoen for revisjonsmeldinga, inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Dersom vi ved å lese gjennom årsrapporten konkluderer med at rapporten inneheld vesentleg feilinformasjon, er vi pålagde å kommunisere tilhøvet til styret.

## Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

PricewaterhouseCoopers AS, Dronning Eufemias gate 71, Postboks 748 Sentrum, NO-0106 Oslo
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no
Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Oslo, 26. februar 2025
**PricewaterhouseCoopers AS**

Bente Norbye Lie
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

2 / 2

# Dei som arbeidde på teateret i 2024

Lista viser dei som er fast tilsette, er tilsett på åremål, vikarar og tilsette i engasjement.

**Erik Ulfsby,** teatersjef
**Kjersti Horn,** påtroppande teatersjef
**Hans Antonsen,** direktør
**Irene Halvorsen,** direktør

## Dramaturgiatet

**Anna Strømstad Albrigtsen**
**Julian Blaue**
**Anders Hasmo**
**Ingrid Weme Nilsen**
**Siri Løkholm Ramberg**

## Skodespelarar

**Gaute Adela Cudjoe Aastorp**
**Mathias Augestad Ambjør**
**Peiman Azizpour**
**Amell Basic**
**Ellen Bendu**
**Vetle Bergan**
**Elise Berg-Hansen**
**Øyvin Berven**
**Vegard Bjørsmo**
**Marie Blokhus**
**Heidi Gjermundsen Broch**
**Kjersti Dalseide**
**Jon Bleiklie Devik**
**Ingrid Jørgesen Dragland**
**Pål Christian Eggen**
**Mari Lerberg Fossum**
**Charlotte Frogner**
**Ola G. Furuseth**
**Sarakka Gaup**
**Gina Bernhoft Gørvell**
**Paul-Ottar Haga**
**Tiril Heide-Steen**
**Kyrre Hellum**
**Benjamin Hiley**
**Preben Hodneland**
**Hallvard Holmen**
**Kenneth Homstad**
**Jan-Christian Horntvedt**
**Julie Støp Husby**
**Mona Huang Høivik**
**Emil Fridtjof Johnsen**
**Gjertrud Jynge**
**Christian Ruud Kallum**
**Jae Simone Nyambura Karanja**
**Svein Roger Karlsen**
**Sara Khorami**
**Frank Kjosås**
**Lasse Kolsrud**
**Espen Bråten Kristoffersen**
**Marianne Krogh**
**Geir Kvarme**
**Karl-Vidar Lende**
**Asta Busingye Lydersen**
**Espen Løvås**
**Dovile Martinkute**
**Leo Magnus de la Nuez**
**Hilde Olausson**
**Joakim Ousdal**
**Joachim Rafaelsen**
**Ingeborg Sundrehagen Raustøl**
**Kirsti Refseth**
**Iren Reppen**
**Hans Magnus Rye**
**Julie Moe Sandø**
**Per Schaanning**
**Manish Sharma**
**Iselin Shumba**
**Gard Skagestad**

Kim Helge Strømmen
Eli Stålhand
Sisi Sumbundu
Morten Svartveit
Ina Svenningdal
Mimmi Tamba
Lisa Birkenes Thun
Oddgeir Thune
Svein Tindberg
Ane Dahl Torp
Thea Lambrechts Vaulen
Trine Wiggen
Ellen Birgitte Johannessen Winther
Frode Winther
Petter Winther
Nina Woxholtt

## Statistar

Thea Advocaat
Thelma Advocaat
Eva Dahl Eide
Heine Røsten-Haga
Ida Merete Telila Hansen
Bobo Hedin
Vilde Sundfør Johannessen
Melina Ismini Karantonis
Theo Milian Lorentzen
Iben N. MacDonald
Savannah Isabelle Meidell-Clausen
India Mydske
Nnennaya Sofie Ezimoha Olimb
Oda Garnås Paaske
Heidi Marlena Rolseth-Stella
Saara Siplia-Kristoffersen
Noella Rose Skalstad
Ester Gualalupe Støten Vargas
Amalie Sunde
Helene Bjerke Svindal

## Musikarar

Svenn Erik Kristoffersen
Ståle Sletner

## Scenografar

Unni Walstad

## Andre kunstnarlege åremål

**Belinda Braza,** koreograf og kunstnarleg leiar for Det Norske Teatret i Groruddalen
**Johannes Holmen Dahl,** sceneinstruktør
**Kjersti Horn,** sceneinstruktør
**Eirik Stubø ,** sceneinstruktør
**Peer Arne Perez Øian ,** sceneinstruktør

## Engasjerte musikarar

Andreas Vangen Andersen
Knut Aalefjær
Michaela Antilova
Jens Petter Antonsen
Stein Torleif Bjella
Camilla Bjørndal Blomkvist
Andreas Bye
Sophia Hugo Cabo
Ellen Marie Carlsen
Håvard Caspersen
Erland Dahlen
Lars Fremmerlid
Mats Grønner
Petter Marius Gundersen
Børge Are Halvorsen
Kristoffer Kompen
Espen Leite
Mats Lemjan
Einar Halle
Emile Heldal Lidsheim
Jon Werede Hope
Trond Lindheim
Knut Løchsen
Ingrid Berg Mehus
Morten Michelsen
Sjur Miljeteig
Ole Mofjell
Ingrid Matilde Mæland
Elisabeth Nesset
Sander Nordahl
Erik Nylander
Olaf Olsen
Katrine Pedersen
Kaja Fjellberg Pettersen
Marius Reksjø
Siri Snortheim
Håvard Stubø
Christian Svensson
Edvard Synnes
Lise Sørensen
Peder Varkøy
David Wallumrød
Roger Williamsen
Jørn Øien

## Den Unge Scenen

Eirik Nilssen Brøyn
Maren Eline Markussen

## Teatersjef og direktør (stab)

Astrid Hellesen
Carl Morten Amundsen
Sara Kristine Larsson

## Økonomi- og organisasjonsavdelinga

Rune Hagerup
Alma Nedrelid
Lene Jin Nilsen
Lill Heidi Pettersen
Torill Anita Ringstad
Nora Schrøder
Inger Johanne Sæterbakk

## Kommunikasjonsavdelinga

Ole Herman Andersen
Thine Sletbakk Bugge
Åsne Helene Torp Dahl
Erlend Tårnesvik Dreiås
Kristin Eikli
Kirsti Ervik
Henriette Marie Holmsen-Opdahl
Siren Sæter Høyland
Tone Therese Lindquist
Maiken Mathisen
Ida Marie Michaelsen
Monica Tormassy
Jannik Wiberg

## Billettluka

Joakim Dahl
Karine Dokken
Merete Ekelund
Katrine Lovise Øpstad Fredriksen
Malin Furuvald
Maren Sennels Jenssen
Sara Kaspersen
Lone Nordløkken
Julie Salomonsen
Emilie Nørstelien Selmer
Irene Kristin Spica
Erle M. Øien

## Publikumsservice

Mari Krokann Berge
Ellen Thuve Dahm
Sander Edin
Victoria Fahre
Fredrikke Folvik
Elisabeth Hermansen
Olav Fangel Jamtveit
Amund Sigurdssøn Karlsen
Jim-Roger Knutsen
Silje Slang Lutnæs
Muhammad Mohamud
Lars Jacob Olsson
Dina Padoin
Anna Elise Pedersen
Elisabeth Robstad
Simon Solhoff
Eline Steffensen Thorps
Louise Waarli
Dorte Walstad
Linda Øvrebø

## Planavdelinga

Espen Gravklev
Heidi Jor
Åste Johanne Kallhovd
Trude N. Molkom

## Produksjonsavdelinga inkl. inspisientar og produksjons-medarbeidarar

Tine Marie Lund
Roar Myrvang
Astrid Vestad
Rahel Beraki
Per Berg-Nilsen
Erik Eikehaug
Gry Hege Espenes
Hedda Stensen Haaland
Emelie Karlsson
Alva Kaisa Odden Langedok
Hilde Nyeggen Martinsen
Christina Ørbekk Nikolaisen

June Helene Rød
Hedda Rønneberg
Tine Smith-Hjelmerud
Nina Mariko Sandquist
Erlend Erkki Stamnes
Ia Marie Stavestrand
Jan-Andrè Strand
Stine Servold Røkenes
Emilia Wist

## Driftsavdelinga

Lisbeth Aasland
Sayanthan Ganeshauturai
Fredrik Jansson
Gowreeswaran Kandiah
Sutharsan Kularasasegaram
Oddgeir Kummen
Tony Pinto Manuelpillai
Muralitharan Murugaiah
Mathavaroopan Rasagopal
Sivanathan Sinnathamby
Sivakugan Sivapalan
Kanesamurthi Somasundaram
Vinothan Thurairajah

## Vedlikehaldsavdelinga

Nils Burchert
Marius Ihler
Terje Løkholm
Bjørnar Tellefsen
Tor Arne Vik-Haugen

## Teknisk leiing

Petter Fosse
Arne Lindberget
Oddgeir Kummen
Viktor Andreas Micka
Christina Macé Stensrud

## Snikkar- og metallverkstaden

Adam Bouras
Jan Ivar Dullum
Siri Hundvin
Beate Madsen
Ezra James Meaden
Bill Mobech
Søren Kristensen Møller
Lars Didrik Hernæss Strand
Else M Wettre
Anders Wittusen

## Målarsalen

Laila My Ananiassen
Anna Louise Jakobsen
Andrea Austdal
Eduard Alquezar Blasco
Ole Jacob Børretzen
Signe Dalsgaard
Nora Ferl
Helena Gleichgewicht
Maja van Hanno
Anja Hentze
Kjell Åge Meland
Jarle Teigen Olsen
Sunniva Prytz Sandnes

## Kostymeavdelinga

Line J. Antonsen
Anette Cecilie Danielsen
Marcus Thalberg Fagerheim
Benedicte Folkman
Silje H. Isaksen
Else Ciljan Jakobsen
Torhild Jensen
Maria Lødemel
Sara Michetti
Lars Tommy Olsson
Kitty Krohn Riege
Vibeke Ringsbu
Helene Stenerud-Jentoft
Eva Stenseng
Tove Helen Svartsund
Stine Tamlag
Hilde Tofastrud
Lisa Kristin Valde
Theodor Vange
Lene Åsberg

## Maskeavdelinga

Elisabeth Skaubakken Andresen
Christian Berg

Camilla Brandslet
Ida Engstrøm
Ida Frithioff
Anna E. Helland
Julie Sand Johnsen
Tonje Lie Nauff
Tonje Charlotte Reksten
Ingvil Sagli
Embla Høyland Skognes
Trude Sneve
Malin Jones Styrmoe
Anne Stålegård
Stig Wedvik

## Rekvisittavdelinga

Veronica Deepa Andersen
Øyvind Rustad Fjærvoll
Helen Hazeland
Ada Hesjevoll
Lena Kvammen Hetleflåt
Åshild Mjelde Nordås
Tone Bernhoft Osa

## Lydavdelinga

Vibeke Blydt-Hansen
Daniel Soto Delgado
Bjørnar Hopland
Morten Alexander Jorsett
Frederick Lewis Tiley Keller
Jostein Reistad
Ole Christian Sunde
Alf Vaksdal
Igor Zamarajev

## Videoavdelinga

Knut Nikolai Bergstrøm
Raymond Stubberud

## Sceneavdelinga

Hege Aker-Iversen
Fredrik Bjerkan
Kaspars Buss
Jonas Hestvik Dahl
Dag Erlingson
Scarleth Euan
Stene Evensen
Vemund Flatla
Lars Grønset
Karl Christian von Hirsch
Njål Honohan
Hans Petter Ilstad
Eirik Ingebricson
Freddy Jensen
Børge Løkke Knudsen
Yngvar Kollstrøm
Arja Therese Kolstad
Christian Mathisen
Martin Stefan Nilsson
Marius Beron Noreger
Stian Næss
Jon Erik Rosenborg
Mathias Rusvik
Johan Schioldborg
Richard Skaar
Mats Ivar Takle
Ingunn Vegger
Björn Widmark

## Lysavdelinga

Eigil Aasen
Rune Aspeggen
Sebastian Bautz
Vegar Solheim Bergh
Per Øyvind Eggum
Markus Tarasenko Fadum
Rita Figved
Gaute Haugland Fjellbakk
Erling Gundersen
Gyril Høgberg
Aleksander Kolstad
Tomasz Kujawski
Per Willy Liholm
Vilde Ljungberg
Mari Lysgaard
Øyvin Løype
Vibeke Anisdal Myhre
Maximilian Rothe
Torkel Skjærven
Line Beate Svestad
Gina Søderstrøm
Robin Fergusson Sørlien
Sandra Østreng Tyrhaug

DET
NORSKE
TEATRET

DETNORSKETEATRET.NO